

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtestad:	Møterom 2
Dato:	15.04.2013
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	2-2013

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
7/13	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
8/13	Bjerkreim kommunes regnskap og årsmelding for 2012 - kontrollutvalets uttale
9/13	Skatterekneskapet for 2012 med kontrollrapport frå skatteetaten
10/13	Rapport frå selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS
11/13	Eventuell bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2013: Vedlikehald av kommunale bygg
12/13	Statusoversikt pr. april 2013

Referatsaker/meldingar

Periode:		18.01.2013 - 15.04.2013
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
13/00172-1	3/13	Åpenhetsrapport 2012

Meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt. 98806776, eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

05.04.2013

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S. Olsen
Sekretariatet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur

7 / 13 Godkjenning av protokoll fra forrige møte

Arkivsak-dok. 13/00050-1

Arkivkode. 033

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	15.04.2013	7/13

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE

Protokoll frå kontrollutvalets møte den 28. januar 2013 vert lagt fram for kontrollutvalet til endelig godkjenning, sjå vedlegg.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokoll frå møte den 28. januar 2013.](#)

SANDNES, 13.03.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Protokoll frå forrige møte](#)

[Tilbake](#)

8 / 13 Bjerkreim kommunes regnskap og årsmelding for 2012 - kontrollutvalets uttale

Arkivsak-dok. 13/00048-1

Arkivkode. 210

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	15.04.2013	8/13

Bakgrunn:

Iht. Forskrift om kontrollutvalg § 7 skal kontrollutvalet gi uttale om årsrekneskapen før den vert vedtatt av kommunestyret. Uttalen gis til kommunestyret, men kopi av uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas omsyn til den før dette organet gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret. Rekneskapen må derfor først leggjast fram for kontrollutvalet.

Etter kontrollutvalgsforskriftens §8 skal og kontrollutvalet òg sjå til at revisors merknader i forhold til rekneskapet (årsoppgjærnotatet) vert fylgt opp.

Saksutredning:

Driftsrekneskapet for 2012 viser et positivt netto driftsresultat på 5,994 mill. kr., som utgjør 3 % av driftsinntektene. Netto driftsresultat bør som hovedregel utgjera minst 3 % av driftsinntektene for at den økonomiske situasjonen skal sjåast på som tilfredsstillande. Kommunen har økt sine driftsinntekter i forhold til driftsutgiftene og gjort ei avsetning til fond på 1,3 mill. kr. Driftsrekneskapet for 2012 er gjort opp med kr 137 009 843 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0,-.

Det vert vist til orientering i møtet for nærare gjennomgang av kva som ligg bak årets resultat.

Revisjonsmelding og andre merknader frå revisjonen.

Revisor har gitt revisjonsmelding for 2012 med merknad om at det er ikkje er anordna påløpt, ikkje utbetalt løn for 2012. Dette fører til at desse utgiftene vert belasta 2013-rekneskapet. Forholdet antas ifølgje revisor ikkje å ha vesentleg resultateffekt i det praksis var lik i fjor. Praksisen er imidlertid ikkje i samsvar med KRS nr. 7 og kommuneloven § 48 nr. 2, der det m.a. heiter at alle kjente utgifter og inntekter i året skal tas med i årsrekneskapet for vedkommande år. Ut over denne merknader er revisor av den oppfatning at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lover og forskrifter.

Revisor utarbeider i tillegg eit årsoppgjærnotat, der framlagt årsrekneskap/årsmelding og revisjonen gjennom året vert oppsummert. Dette vil danna grunnlaget for ei evt. oppfølging frå kontrollutvalet i hht §8. Revisor poengterer at merknader frå revisor undervegs i året i stor grad har blitt retta opp undervegs.

Revisor held elles fram at gjennom revisjonen er det oppnådd betryggande sikkerheit for at rekneskapet ikkje inneheld vesentlige feil. Gjennomgang av budsjettoppfølging, årsrapport og bokføringsrutinar har ikkje avdekket vesentlige avvik, sjølv om det er nemnt enkelte forbedringspunkt, som at det er avdekket svakheiter i rutinen med fakturering av tilknytingsgebyr

som kommunen nå følger opp. Revisor har derfor gitt revisjonsmelding med positive konklusjonar på alle desse områda.

Revisor uttaler til slutt i årsoppgjernotatet at det ikkje er uteståande forhold som kontrollutvalet plikter å følgja opp. Kontrollutvalet kan likevel om ønskelig gjera ei sjølvstendig vurdering på dette punktet.

Kontrollutvalet er gitt anledning til å knyta kommentarar til årsrekneskapen. Dersom kontrollutvalet ønskjer å knyta spesielle kommentarar til rekneskapet ut over forslag til vedtak må desse innarbeidast i kontrollutvalets vedtak.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim har ingen kommentarar til den framlagte årsrekneskapen for 2012 ut over det som går fram av revisors årsoppgjernotat og revisjonsmelding.

SANDNES, 14.03.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Revisjonsmelding](#)
[Årsoppgjernotat](#)
[Rekneskap 2012 m/noter](#)
[Årsmelding 2012](#)

[Tilbake](#)

9 / 13 Skatterekneskapet for 2012 med kontrollrapport frå skatteetaten

Arkivsak-dok. 13/00049-3

Arkivkode. 232

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	15.04.2013	9/13

Bakgrunn:

Kommunane har ansvar for skatteinnskrevjing og føring av skatterekneskap (skatteoppkrevjarfunksjonen), mens Staten v/Riksrevisjonen har ansvar for revidering av skatterekneskapet. Riksrevisjonen byggjer sin revisjon på dei stadlege kontrollane som Skatteetaten gjennomfører. Kontrollavdelinga gir årleg rapport til Riksrevisjonen med kopi til kommunestyret og til kontrollutvalet.

Saksutredning:

Fleire kommunar legg skatteoppkrevjaren si melding fram for kommunestyret så snart denne er ferdigstilt. Saka vert ikkje lagt fram for behandling i kontrollutvalet før kontrollrapporten frå skatteetaten ligg føre.

Bjerkreim kommune hadde i 2012 ein samla skatteinngang (etter marginavsetning) på 257,98 mill. kr. Det er ei auke på 11.76% samanlikna med fjoråret. Av dette utgjer kommunens del av skatteinngangen 58,7 mill. kr.

Skatteoppkrevjar har overfor skatteetaten peika på at det heller ikkje i 2012 er gjennomført stadlige arbeidsgivarkontrollar. Dette er eit brot på skattebetalingslovas § 5-13 m/tilhøyrande retningslinjer. Skatteoppkrevjar opplyser i si årsmelding at målet er å få til eit samarbeid med Stavanger i løpet av 2013, slik at ein kan kome i gang att i løpet av dette året.

Skatteetaten har ut over dette ingen kommentarar til det framlagde skatteregnskapet.

Kontrollutvalet kan bare ta sjølv rekneskapet til orientering. Revisjonshandlingane knytt til dette rekneskapet er ei statleg oppgåve. Kontrollutvalet har likevel ei tilsynsrolle i høve til skatteoppkrevjar, og kan om ønskeleg kommentera organisering av arbeidet m.v.

Skatteoppkrevjar vert invitert til møtet for å gå nærare gjennom detaljane i sin rapport og svara på spørsmål.

Sekretariatet anbefaler at kontrollutvalet og i år gir merknad om ressursituasjonen knytt til arbeidsgivarkontrollen.

Forslag til

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Bjerkreim tar skatterekneskapet for 2012 til orientering
2. Bjerkreim kommune bør sørgja for at det vert utført arbeidsgivarkontrollar i tråd med skattebetalingslovens § 5-13 m/retningsliner
3. Saka vert vidaresendt kommunestyret i Bjerkreim til orientering

SANDNES, 14.03.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

Kontrollrapport frå skatteetaten
årsmelding frå skatteoppkrevjar

[Tilbake](#)

10 / 13 Rapport fra selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS

Arkivsak-dok. 13/00052-1
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	15.04.2013	10/13

Bakgrunn

Kontrollutvalet Bjerkreim bestilte selskapskontrollen i Interkommunalt arkiv i 2011, i tråd med vedteken budsjetttramme og dåverande Plan for selskapskontroll. Bestillinga vart initiert av Sandnes kommune, som er største eigar.

I følge bestillinga var føremålet med selskapskontrollen "*å gjennomføre kontroll med forvaltningen av eierinteressene i IKA (eierskapskontroll), og en analyse av utvalgte forhold knyttet til selskapets drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).*"

Bestillinga bygde vidare på følgjande problemstillingar:

- *Hvordan er selskapet styrt og hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp?*
- *Hvordan følger selskapet opp formålet i selskapsavtalen og lovregler om offentlige arkiv?*
- *Blir selskapets aktiviteter rapportert i tråd med lover og regler?*
- *Hvordan følger selskapet opp lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?*
- *Hvordan håndterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?*

Saksutredning

Rogaland revisjon har utarbeidd rapporten, som nå vert lagd fram for kontrollutvalet til behandling.

Revisor har ved utarbeidinga av rapporten nytta informasjon frå styret og daglig leiar samt opne kjelder, som føretaksregisteret mm. Revisor har dessutan nytta informasjon frå eigar-representantar og kommunane sin administrasjon. Oversikt over dokumentasjon finne ein i vedlegg til rapporten.

I samandraget oppsummerar revisjonen sine funn og gir følgjande tilrådingar til selskapet og eigarkommunane:

ANBEFALINGER TIL SELSKAPET:

- *Styret bør utarbeide en styreinstruks. Styret bør foreta en årlig skriftlig egenvurdering. Styret bør registrere seg i KS sitt styrevervregister.*
- *Selskapet bør innhente et formelt skattefritak for sin virksomhet.*
- *Selskapet bør utarbeide et HMS-system. Selskapet bør vurdere valg av verneombud eller bruk av annen ordning.*
- *Selskapet bør påse at lovregler om offentlige anskaffelser følges for både vare- og tjenestekjøp*

• .
TILRÅDINGAR TIL EIGARKOMMUNANE

- *Kommunene bør sikre at eierrepresentantene får opplæring og informasjon om eierstyring.*
- *Valgkomitéen for styreutnevnelsen bør ta med habilitets- og kompetansevurderinger som dokumenteres.*

For fleire detaljar sjå samandraget og sjølve rapporten.

Føreskrift om kontrollutval § 15 slår fast at eit selskap som er omfatta av selskapskontrollen, og den som utøvar kommunens eigarfunksjon, alltid skal få høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøve som er omtala i rapporten. Eventuelle kommentarar skal gå fram av rapporten.

Rapporten er kommentert av styre og dagleg leiar i selskapet, og av eigarane ved representantskapet i eigarkommunane.

Selskapet skriv i sin kommentar dei ikkje har merknader til faktagrunnlaget. Når det gjeld funna i rapporten, skriv selskapet at dei vil arbeide vidare med desse i løpet av 2013.

Frå eigarrepresentantane er det få tilbakemeldingar, og tilbakemeldingane har ingen særskilte kommentarar til rapporten

Sjå elles høyringsuttaler i rapporten.

Det finst ikkje tilsvarende krav for oppfølging av selskapskontrollar som for forvaltningsrevisjon. For kommunane sin del vil kontroll av eigarskap etter ny plan for selskapskontroll bli gjennomgått samla, og difor er det ikkje naturleg å følgje opp tilrådingane til eigarane nå. Når det gjeld tilrådingane til selskapet føreslår kontrollutvale at desse vert følgde opp hausten 2013.

Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i denne saken.

Kontrollutvalet i Bjerkreim tilrår kommunestyret å fatte slikt

VEDTAK:

1. Kommunestyret i Bjerkreim tek dei nedfamlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS til etterretning.
2. Rapporten vert send over til eigarkommunane og selskapet. Selskapet vert bedd om å ta stilling til rapporten sine konklusjonar og tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane som gjeld selskapet i løpet av hausten 2013.

SANDNES, 26.03.2013

Per Kåre Vatland
seniorrådgiver

Vedlegg:
[Rapport](#)

[Tilbake](#)

11 / 13 Eventuell bestilling av forvaltningsrevisjons-prosjekt for levering i 2013: Vedlikehold av kommunale bygg

Arkivsak-dok. 13/00064-1

Arkivkode. 217

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	15.04.2013	11/13

Bakgrunn:

Kontrollutvalet i Bjerkreim fekk framlagt utkast til prosjektmandat på dette temaet på møte den 26. november 2012. Det vart på dette møtet vedtatt at prosjektet skulle utsetjast, då kontrollutvalet i staden valde å bruka fjorårets budsjettmidlar på prosjektet vedr. mobbeproblematikken i Bjerkreim. Kontrollutvalet fatta då slikt vedtak:

”Kontrollutvalet i Bjerkreim vil ta det framlagte prosjektmandatet ang. ”Vedlikehold” opp til ny vurdering i samband med bestilling av nye prosjekt”.

Saksutredning:

Sekretariatet vart på forrige møte bedt om å leggja fram denne saka for kontrollutvalet på ny, då ein vil vurdere om dette prosjektet skal gjennomførast i 2013.

Revisor har i sitt utkast til mandat foreslått at føremålet med dette prosjektet skal vera å

vurdere hvordan kommunen arbeider for å vedlikeholde sin realkapital (bygg), og angi konsekvenser for kommuneøkonomien og brukerne av utsatt vedlikehold.

Med bakgrunn i dette føremålet, har revisor foreslått å sjå nærare på desse problemstillingane.

- Hvordan har utviklingen i vedlikeholdsomfanget vært, og om mulig, - hvor stort er det eventuelle etterslepet?
- Hvordan arbeider kommunen for å forvalte sin realkapital på kort og lang sikt gjennom forebyggende aktiviteter, ordinært og ekstraordinært vedlikehold, og rehabiliteringer?
 - Hvordan organiseres arbeidet, og hvor store ressurser anvendes?
 - Hvilken internkontroll og hvilke systemer har kommunen for å følge opp eiendomsforvaltningen?
- Hvilke konsekvenser har utsatt vedlikehold for kommunens økonomi og for brukerne? For eksempel mht. inneklima, energiforbruk, renhold og slitasje, midlertidige løsninger, forringelsen av tjenesteyting / produksjon mv.

Slik prosjektmandatet nå ligg føre, er det kostnadsrekna til 150 timar. Kontrollutvalet må ved bestilling ta stilling til om revisors føreslåtte problemstillingar dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Vedlikehald” i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre (med dei eventuelle endringar/presiseringar som kom fram i møtet).

SANDNES, 13.03.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:
[Utkast til prosjektmandat.](#)

12 / 13 Statusoversikt pr. april 2013

Arkivsak-dok. 13/00051-1

Arkivkode. 217

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	15.04.2013	12/13

Bakgrunn:

Oversikta inneheld status på bestilte prosjekt og kontrollar. Det er prosjekt som er bestilt og ikkje levert, kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, når desse skal følgjast opp og oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla. Oversikten omfattar i tillegg ei kolonne som viser når revisor ventar å vera ferdig med den enkelte rapporten.

Saksutgreiing:

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Utvalet er likevel delegert mynde til sjølv å oppdatera planen dersom spesielle omsyn gjer det ønskeleg å prioritera andre tiltak. Nye plan for forvaltningsrevisjon vart vedtatt av kommunestyret hausten 2012.

Til dette møtet ligg gjennomført selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS føre til behandling, samt evt. bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt for gjennomføring i 2013.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet tar statusoversikta pr. april 2013 til orientering.](#)

SANDNES, 26.03.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Statusoversikt](#)

[Tilbake](#)

Årsmelding



Bjerkreim kommune
2012

Innhold

Rådmannen si innleiing	3
Økonomiske forhold	5
Personalavdelinga	7
Økonomi- og IKT-avdelinga	9
Serviceavdelinga	10
Kulturavdelinga	11
Biblioteket	12
Kulturskulen	13
Skjeraberget barnehage	14
Røysekatten barnehage	15
Vikeså skule	16
Bjerkreim skule	17
Levekårsavdelinga	18
Teknisk avdeling	23
Landbruksavdelinga	24
Prosjekt / Investeringar	25
Likestilling, mangfald og tilgjengelegheit	28
Utgreiing av arbeidet med diskrimineringsloven	30
Utgreiing av arbeidet med diskriminerings- og tilgjengelighetsloven	30
Melding om etikk	31
Rådmannen sin eigenkontroll	31
HMS – Helse, miljø og sikkerheit	32
Samfunn	34
Utvalde KOSTRA-tal	35
Oversikt over kommunestyresaker 2012	40

Framsidefoto: Bjerkreim kyrkjegard vart utvida (Foto: Tora-Britt Sveta)

Røysekatten barnehage vart utvida med to avdelingar (Foto: Tora-Britt Sveta)

Rådmannen si innleiing

Stor vekst i folketalet

Folketalet i Bjerkreim auka med 40 personar i 2012. Om lag halvparten av aukinga kom frå netto innflytting. Spesielt i første halvår auka innbyggartalet mykje med til saman 56 personar. Dette jamna seg ut i andre halvår slik at Bjerkreim ved utgangen av 2012 hadde 2779 innbyggjarar. Bjerkreim er blant dei ti kommunane i landet som har størst prosentvis folketalsauke samanlikna med innbyggartalet.

Høgt investeringsnivå

Og i 2012 gjennomførte Bjerkreim fleire større investeringar. Kyrkjegarden på Bjerkreim vart utvida med eit byggetrinn slik at det no er ledig gravkapasitet i mange år framover. Røysekatten barnehage vart utvida med to avdelingar på rekordtid. Kommunen har skaffa seg barnehagekapasitet til nokre år til med stor vekst i folketalet. Siste delen av utbygginga av bustadfeltet i Røyslandsdalen på Bjerkreim var ferdig våren 2012. Halvparten av dei nye 16 tomtene er allerede seld og fleire har kome godt i gang med bustadbygginga.

På Vikeså har kommunen berre att ei kommunal bustadtomt. Rett før jul vedtok kommunestyret ein revidert reguleringsplan for Hunnadalen bustadområde på Vikeså (mellom barnehagane Skjeraberget og Storafjellet). I Hunnadalen er det planlagt for 50 nye bustadeiningar.

Samhandlingsreforma

I 2012 vart den såkalla samhandlingsreforma innført. Kommunane fekk eit større ansvar for oppgåver som tidlegare låg til sjukehusa og i tillegg eit medfinansieringsansvar for enkelte sjukehusopphald for innbyggjarar. Bjerkreim har eit lågt forbruk av sjukehusstenester og er flink til å ta imot ferdigbehandla pasientar frå sjukehuset.

Konsekvensane av samhandlingsreforma er at kommunen tek imot pasientar som er ennå sjukare enn før. "Nålauget" for tilbodet om avlastningsopphald og fast plass på omsorgssenteret vert ennå trongare og belastninga på dei tilsette har auka kraftig. Rådmannen ser med bekymring på det aukande sjukefråværet innan omsorgstenestane. Her har Bjerkreim til felles med mange andre kommunar fått merke konsekvensane av samhandlingsreforma i litt for stor grad.

"First-responder"

I omsorgstenesta og på legekantoret har dei vidareutdanna sjukepleiarar slik at dei kan vere "first-responder" ved akutt sjukdom og ulykker. "First responder"-kurset utgjer i underkant av 100 timar opplæring innan akuttmedisin. Kurset kvalifiserar mellom anna til å arbeide på sjukebil.

"First-responderar" frå Bjerkreim kommune rykkjer ut samstundes med sjuke bilen. Ordninga starta opp i august 2012. I fleire tilfeller har "first-responderane" vore på staden før sjuke bilen. I nokre tilfelle har dette hatt avgjerande verdi for pasienten si helse. "First-responderar"-opplæringa har ført til eit betre akuttmedisinsk tilbod til innbyggjarane i kommunen og brukarar i dei kommunale tenestane. Samstundes har dei tilsette fått styrka sin kompetanse i vanskelege tilfeller. Dei tilsette fortener honnør for sin innsats og sitt store engasjement i høve til opplæringa!

Dans i kulturskulen

Kommunestyret vedtok å utvide tilbodet i kulturskulen med dans. Kulturskulen fortel om at tilbodet vart ein suksess frå første stund. Dei starta opp med 3 grupper i februar og utvida til 5 grupper frå august.

Pensjon og meirverdiavgiftsrefusjon betrar rekneskapen

Rekneskapen for Bjerkreim i 2012 vart betydeleg betre enn budsjettert. Det er fleire grunnar til dette som vert omtala lengre ut i årsmeldinga.

Rådmannen vil likevel peike på at reglane for føring av pensjon og refusjon av meirverdiavgift frå investeringar betrar rekneskapen betydeleg.

Kommunen har betalt inn meir i pensjonspremie for 2012 enn ei "aktuarberekning" i etterkant syner at kommunen trong innbetale. Differansen vert ført som ei fordring i rekneskapen og gjer resultatet betre. Store investeringar innan barnehage, kyrkjegard og nytt bustadfelt fører med seg refusjon av meirverdiavgift som delvis vert avsett i driftsrekneskapet. Reglane for pensjon og meirverdiavgift er slik som dei er for kommunane, men dei bidreg til å pynte også Bjerkreim sitt resultat for 2012.

Avgjerder om vindkraftinvesteringar lar vente på seg

Rett før sommarferien i 2012 fatta Olje- og energidepartementet (OED) vedtak i fleire klagesaker om gitte konsesjonar til vindkraftutbygging i Bjerkreim. OED valte å ikkje gje konsesjon til Statkraft sitt prosjekt på Moifjellet. Statkraft var klare til å bygge ut på Moifjellet. Når vindkraftutbygginga på Moifjellet fall ut av den såkalla "Bjerkreimsklynga", måtte dei andre vindkraftprosjekta endre sine planar for mellom anna nettilknytning.

Låge straumprisar, økonomisk nedtur i Europa, manglande overføringskablar til utlandet og usikkerheit knytt til dei "grøne sertifikatane" har bidrege til at vindkraftutbyggjarar let vente med si endelege avgjerd om å investere i vindkraft i Bjerkreim. Det er forståeleg at desse avgjerslene let vente på seg. Samstundes har ikkje utbyggjarane god tid på seg ettersom dei grønne sertifikatane då kan gå til vindkraftinvesteringar i Sverige. Det er dumt at norske straumkundar betalar for utbygging av vindkraft i Sverige i staden for i Noreg. Tross alt bles det mykje meir og betre i Dalane enn mange stader i Sverige.

Nord-Jæren vil ta meir vatn frå Bjerkreim

Stor folkevekst, innlemming av stadig fleire kommunar i det interkommunale samarbeidet og omfattande lekkasjar i leidningsnett i enkelte kommunar, t.d.

Stavanger, har ført til at det interkommunale vass-, avlaups- og renovasjons-selskapet på Nord-Jæren (og Strand), I.V.A.R. er på jakt etter meir vatn. I staden for å nytte vasskjelder innafor dei samarbeidande kommunane sine grenser har I.V.A.R. sett seg ut Storavatnet i Bjerkreim som ny råvasskjelde. Dette er billigare enn å bruke ei like god kjelde som Store Myrvatn i Gjesdal.

Dersom Storavatnet vert utpeika som ny råvasskjelde for Nord-Jæren vil dette få konsekvensar for noverande og framtidig aktivitet rundt vatnet. Både I.V.A.R. og Mattilsynet, som har behandla saka fram til nå, hevdar at det ikkje vil verte restriksjonar knytt til noverande eller framtidig aktivitet rundt vatnet om Storavatnet vert ei ny råvasskjelde for 400.000 menneske og næringsliv. Samstundes vil dei ikkje gi nokon skriftleg garanti på at det ikkje vil kome nokon restriksjonar. Det seier sitt!

Arbeidet med å ivareta Bjerkreim sine interesser i forhold til I.V.A.R. sine planar har skote fart i 2012. Det er sannsynleg at kampen vil halde på i fleire år framover.

Samanlikning med andre kommunar

Årsmeldinga inneheld eit eige kapittel med samanlikningar med andre kommunar basert på KOSTRA-tal, sjå www.ssb.no. KOSTRA-tala for 2012 er førebels og kan verte endra i dei endelege tala som kjem i juni 2013. Dei utvalde KOSTRA-tala kan brukast til å samanlikne Bjerkreim med seg sjølv over tid og med utviklinga i landet elles. Til dømes kan ein sjå at endringa i barnehagetilbodet i Bjerkreim har ført til at ein barnehageplass nå kostar kommunen det same som landsgjennomsnittet. Vidare kan ein sjå at årleg vassgebyr i Bjerkreim nå ikkje lengre er høgare enn i referansekommunane.

Rådmannen vonar at dei ulike bidraga frå einingane forklarar aktiviteten i 2012 og supplerer dei økonomiske tala i rekneskapen for 2012.

Vikeså, 26. mars 2013

Inge H. Stangeland
rådmann

Økonomiske forhold

Bjerkreim kommune la opp til eit budsjett som skulle gå med underskot. Underskotet skulle dekkast opp med oppsparte midlar som stod på disposisjonsfond. Heile 6,8 millionar skulle brukast av disponible fond. Netto driftsresultat vart noko betre enn budsjettert. Heile 8,353 millionar betre. Kommunen sitt netto driftsresultat vart på 5,616 millionar eller 2,87 % i forhold til inntektene. Mykje av grunnen til eit så godt resultat er inntekta frå momsen frå investeringa og inntektsføring av for mykje betalt til KLP av pensjonsmidlar. Momsen utgjør 4,1 millionar som er overført til investeringsrekneskapet som vidare er avsett i balansen for bruk som eigenkapital på investeringssida.

I tillegg er det avsett 1,4 millionar innan VAR-sektoren, 0,4 millionar til kalkingsprosjektet i kommunen og resten frå ulike tenester der midlane er bundne. Økonomien i Bjerkreim kommune ber stadig preg av at det er ein kommune i vekst med store utfordringar. Utfordringane er at det er ønskje om å legge ut bustadfelt for bygging av hus eller leilegheiter som igjen frigjer einebustader. Utfordringane viser seg ved at ønskja er mange. Det må prioriterast hardt for alt kan ikkje oppfyllast. Behova er på enkelte område fleire og større enn dei ein klarer å oppfylle, sjølv med harde prioriteringar. Det gjeld innafor dei fleste fagområda i kommunen.

Store deler av organisasjonen held sine økonomiske rammer og med eit betre resultat enn budsjettert er det ikkje behov for å tappe fonda for midlar. Det som er ein medverkande grunn til at kommunen kan visa til et slikt resultat, er meir rammetilskot enn budsjettert, skatteinngangen vart som budsjettert og store investeringsvolum som medfører store rekneskapsførte beløp som moms på driftsrekneskapet. Kommunen hadde budsjettert med høgare pensjonskostnader enn det som vart resultatet slik

at det vart ført tilbake midlar i rekneskapet sjølv om det er betalt rett beløp.

Aktuarberekningane viser at kommunen har betalt inn meir for året enn behovet når ein ser på **forpliktingane** framover.

Kommunen betalar ut i frå lønnsmassen og tilsette per i dag, mens utrekningane tek utgangspunkt i årets pensjonskostnad.

	Regnskap 2012	Reg. budsjett 2012	Oppr.budsjett 2012	Regnskap i fjor 2011
Sum driftsinntekter	195 424 295	179 209 000	171 130 000	179 056 046
Sum driftsutgifter	195 256 237	180 381 000	173 987 000	177 103 226
Brutto driftsresultat	168 057	-1 172 000	-2 857 000	1 952 821
Sum eksterne finansinntekter	6 407 446	6 005 000	6 005 000	5 710 106
Sum eksterne finansutgifter	10 063 733	9 720 000	10 520 000	9 766 403
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-3 656 287	-3 715 000	-4 515 000	-4 056 297
Motpost avskrivninger	9 104 859	2 150 000	2 150 000	8 778 351
Netto driftsresultat	5 616 629	-2 737 300	-5 222 000	6 674 875
Sum bruk av avsetninger	4 171 795	6 887 000	2 350 000	694 356
Sum avsetninger	9 788 425	4 150 000	0	5 299 010
Regnskapsmessig forbruk	0	-	-	2 070 220,46

Budsjettet er vedtatt på rammenivå og tabellen under viser rekneskap, regulert budsjett og deretter vedtatt budsjett første gong. Den siste kolona viser rekneskap frå førre år.

	Regnskap 2012	Buds(end) 2012	Budsjett 2012	Regnskap 2011
100 Rådmann	2 015 290	1 988 000	1 917 000	1 873 882
110 Ordfører	2 330 944	2 244 000	2 131 000	2 046 531
120 Økonomi	5 664 372	5 514 000	5 439 000	5 316 259
122 Økonomi - avskrivning	0	-2 150 000	-2 150 000	0
123 Skatt/rammetilskudd/avdr	-146 593 384	-148 736 000	-140 553 000	-120 366 775
130 Personal- og utvikling	2 390 937	3 096 000	3 021 000	3 066 904
140 Lønn- og personal	0	0	0	13 133
150 Serviceavdeling	3 606 763	4 057 000	4 019 000	3 255 542
200 Oppvekst	15 579 830	15 310 000	12 063 000	3 843 662
221 Vikeså skule	30 133 743	30 563 000	29 604 000	27 371 219
222 Bjerkreim skule	11 112 777	11 887 000	11 694 000	11 079 290
231 Skjærbærgen barnehage	5 342 964	5 446 000	5 145 000	4 894 309
232 Røysekkatten barnehage	7 665 289	7 433 000	7 335 000	6 800 999
241 Musik- og kulturskule	2 076 755	2 035 000	1 967 000	1 978 321
251 Bibliotek	1 044 344	1 033 000	996 000	926 810
300 Levekår	915 615	1 004 000	978 000	1 040 014
310 Helse	4 979 858	5 120 000	4 958 000	4 347 808
330 Sosial - kommunen	4 207 649	2 577 000	2 205 000	2 047 411
331 NAV - sosial	1 988 992	1 879 000	1 833 000	1 978 848
340 Pleie- og omsorg	36 485 110	36 179 000	34 109 000	31 790 007
341 Samhandlingsreformen	1 684 329	1 550 000	1 550 000	100 375
400 LMT	4 455 357	4 827 000	4 756 000	3 857 344
401 LMT - Vedlikehold	2 707 202	2 854 000	2 798 000	2 509 038
402 LMT - selvkost vann	-1 213 373	73 000	49 000	-1 203 156
403 LMT - selvkost kloakk	-2 365 516	22 000	-1 000	-2 105 819
440 Landbruk	1 749 965	1 993 000	1 958 000	1 668 854
441 Skogbruk	-19 111	98 000	98 000	13 826
500 Kultur	2 053 298	2 104 000	2 081 000	1 855 274
TOTALT	0	0	0	0

Endringar i disposisjonsfondet, som tenkt brukt til å dekke inn eit underskot, vil vere stabilt i forhold til driftsinntektene. Likevel er det behov for å strame inn drifta ytterlegare, for rekneskapet er lovleg «pynta på» slik at netto driftsrekneskap viser eit betre resultat enn opprinneleg og bør vere aukande i staden for synkende i forhold til års resultat. Fullstendig forsikringsoppgjer let vente på seg og ein håpar at det kjem ei endeleg avgjerd slik at ein kan få dei siste midla i forsikringsoppgjeret etter brannen ved Vikeså skule.

Investering	Regnskap 2012	Reg. budsjett 2012	Oppr. budsjett 2012	Regnskap i fjor 2011
Sum inntekter	7 412 928,00	7 000 000,00	7 000 000,00	23 482 522,00
Sum utgifter	26 005 688,00	25 500 000,00	22 200 000,00	24 052 524,35
Sum finansieringstransaksjoner	13 144 408,00	8 112 000,00	4 250 000,00	26 321 973,58
Finansieringsbehov	31 737 167,00	26 612 000,00	19 450 000,00	26 891 975,93
Dekket slik:				
Bruk av lån	17 273 072,00	21 950 000,00	18 938 000,00	7 851 516,13
Mottatte avdrag på utlån	1 403 940,00	512 000,00	512 000,00	1 003 217,00
Salg av aksjer og andeler	-	-	-	-
Overføringer fra driftsregnskapet	4 273 413,00	4 150 000,00	-	3 856 116,57
Bruk av disposisjonsfond	80 000,00	-	-	916 517,35
Bruk av ubundne investeringsfond	8 052 705,00	-	-	12 777 636,88
Bruk av bundne fond	654 037,00	-	-	486 972,00
Sum finansiering	31 737 167,00	26 612 000,00	19 450 000,00	26 891 975,93
Udekket/udisponert	-	-	-	-

I 2012 har det har vorte investert litt mindre enn i 2011 og mest innan barnehage, kyrkjegardsutviding og klargjering av Røyslandsdalen bustad-område.

Rekneskapet vert avlagt med dei hovudoversikter som det vert stilt krav til og ein håpar at notane fortel litt av korleis situasjonen er.

Kommunen si lånegjeld er på omlag 138 millionar kroner, mens den netto lånegjeld er på 101,4 millionar kroner. Differansen skuldast ansvarleg lån og ubrukte lånemidlar som det vert tatt omsyn til. Netto lånegjeld er per i dag 53,0 % av driftsinntektene, noko som er ein oppgang frå i fjor fordi lånegjelda aukar. Dvs at ein har større forpliktingar på renter og avdrag enn tidlegare. Kommunar ein samanliknar seg med ligg som i fjord på godt over 65 %. Gjeld fordelt på tal innbyggjarar, store som små, er det på kroner 36 488,-. Samtidig har kommunen forholdsvis høg del på disposisjonsfond i forhold til driftsinntektene, og kommunen sin situasjon er slikt sett betre enn dei same kommunane ein samanliknar seg med.

Sjølvkostområda er områder kor brukaren ikkje skal betale meir enn kostnaden på området. Det omfattar vann, avløp, SFO, feiing, byggesak og oppmåling. På dei områda der det er tatt inn for mykje avgift enn sjølvkost, vert "overskotet" sett av til fond etter dei reglar som er sett for desse områda. Dersom ein ikkje har inndekning på området går differansen på kommunen si botnlinje. Viser her til noter kor ein på områder sett av midlar. Området avløp slit med eit akkumulert underskot, som resultatmessig har forverra resultatet til kommunen tidlegare. Andre områder, som SFO, har ein mykje å gå på då det gjeld sjølvkost.

Dette er også et område kor tilbod kan og bør leverast etter sjølvkostprinsipp.

Tabellen under viser spesifisering av hovudinntektskjelda til kommunen, slik som skatt og rammetilskot.

	Regnskap 2012	Regnskap 2011
1090 Pensjonsinnskudd og trekkpliktige forsikringsordninger	-1 874 125	416 859
1099 Arbeidsgiveravgift	-260 164	153 781
1130 Post, banktjenester, telefon, internett/bredbånd	1 996	0
1185 Forsikring og utgifter til vakthold og sikring	108 155	0
1195 Avgifter, gebyrer, lisenser og lignende	48 504	97 187
1240 Serviceavtaler, reparasjoner og vaktmestertjenester	1 811	0
1270 Konsulent tjenester	1 001	0
1370 Kjøp fra andre (private)	-	8 457 060
1429 Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	624	0
1470 Overføring til andre	68 579	0
1471 Tap på krav	0	307 712
1500 Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	4 004 847	3 909 776
1510 Avdragsutgifter	5 972 709	5 811 584
1540 Avsetninger til disposisjonsfond	14 240	2 080 220
1550 Avsetninger til bundne fond	700 000	57 214
1570 Overføringer til investeringsregnskap	150 000	0
1630 Husleieinntekter, festeavgifter, utleie av lokaler	0	-24 000
1690 Fordelte utgifter	-95 000	0
1700 Refusjon staten	-962 601	-2 313 333
1729 Komp moms påløpt i driftsregnskapet	-624	0
1750 Refusjon fra kommuner	-168 548	0
1770 Refusjon fra andre (private)	-14 240	-10 000
1800 Rammetilskudd	-80 015 617	-76 551 576
1810 Andre statlige overføringer	-992 950	0
1870 Skatt på inntekt og formue	-58 733 576	-52 331 230
1874 Eiendomsskatt annen eiendom	-3 047 677	-2 658 225
1875 Eiendomsskatt boliger og fritidseiendommer	-3 377 159	-2 017 700
1890 Overføringer fra andre	0	-50 000
1900 Renteinntekter	-2 216 900	-1 919 314
1901 Renteinntekter - STARTLÅN	-223 084	-196 853
1902 Renter fra ansvalig lån	-1 071 249	-1 269 644
1905 Utbytte og eieruttak	-2 827 758	-2 316 295
1940 Bruk av disposisjonsfond	-1 784 575	0
TOTALT	-146 593 384	-120 366 775

Årets pensjon og premieavvik synar at vi måtte rekneskapsføre 2,1 millionar som inntekt i forhold til det kommunen hadde betalt inn etter medlemsmassen og dei som tek imot ytingar. Innan Statens pensjonskasse (lærarar) er det motsatt då Bjerkreim kommune har betalt inn for lite i forhold til forpliktingar og lønnsmasse (yngre medlemmer har sluppe til). Yngre medlemmer betaler vi mindre for enn "utgifter" til dei som tek imot ytingar. Dette avviket må vi rekneskapsføre som utgift.

	Regnskap 2012	Regnskap 2011
Tjeneste: 1701 Årets premieavvik KLP		
1090 Pensjonsinnskudd og trekkpliktige forsikringsordninger	-2 787 444	-396 984
1099 Arbeidsgiveravgift	-393 030	-55 975
	-3 180 474	-452 959
Tjeneste: 1702 Årets premieavvik SPK		
1090 Pensjonsinnskudd og trekkpliktige forsikringsordninger	503 541	647 843
1099 Arbeidsgiveravgift	70 999	91 346
	574 540	739 189
Tjeneste: 1711 Amortisering av tidligere pensjon KLP		
1090 Pensjonsinnskudd og trekkpliktige forsikringsordninger	376 585	336 997
1099 Arbeidsgiveravgift	53 098	47 517
	429 683	384 514
Tjeneste: 1712 Amortisering av tidligere pensjon SPK		
1090 Pensjonsinnskudd og trekkpliktige forsikringsordninger	62 193	2 592
1099 Arbeidsgiveravgift	8 769	365
	70 962	2 957
TOTALT	-2 105 289	673 701

Personalavdelinga

Mål og resultat for 2012

Leiarsamlingar

- Målet vi sette om ei samling for leiarar og mellomleiarar i kommunen, vart ikkje gjennomført
- Felles leiarsamling for leiarar i Dalane vart utsett til 2013

Støtte og bistand til leiarar

- Personalsystemet fungerer godt og gir leiarane god oversikt ift avlønning m.m.
- Rekrutteringssystemet fungerer godt og gir ein god oversikt over søkjarar, kompetanse m.m.
- Malar er laga for alle avdelingar og svært mange stillingar, - kvalitetssikrar og forenkler arbeidet
- Sjølve prosedyren for søknad er gjort enklare og systemet verkar som et godt verktøy.

Gjer arbeidet for leiarane enklare og fører til betre kvalitet og god internkontroll ved tilsettingar

Rekruttering

- Ca 60 stillingar vart lyst ut i 2012
- Erfaringane med bruk av den nye rekrutteringsmodulen er svært positiv. Ca 98 % av søknadane kjem nå elektronisk
- Dei som er usikre på korleis dei skal søkje elektronisk, får vegleing og hjelp ved behov. Det betyr at alle søkjarlister vert overført elektronisk.
- Resultatet er at vi får ein god oversikt over søkjarane, og over kompetansen ein har i kommunen.
- Systemet bidreg til betre kvalitet ift marknadsføring og internkontroll
- Jamt over får vi godt kvalifiserte søkjarar

Helsefremmande arbeidsmiljø og sjukefråvær

- Fleire søker til trivselstiltak og vi får positive tilbakemeldingar
- Positive tilbakemeldingar og fleire melder om auka aktivitet etter å ha delteke i prosjektet "Frisk og aktiv i Bjerkreim"
- Vi er ikkje nøgde med at vi har fått ei negativ utvikling av sjukefråværet. Resultata er ein god del høgare for 2012, men det er store variasjonar mellom avdelingane
- Vi har sett dette på dagsorden og arbeider systematisk med oppfølging, men er ikkje nøgde med resultatet. Det er langtidsfråværet som er høgt. Korttidsfråværet er framleis lågt med 1,6 % (1,3 % i 2011)
- Ei mobbesak som har fått store oppslag i media, har sett sitt preg på arbeidsmiljøet

Medarbeidarundersøkinga

- Medarbeidarundersøkinga er ikkje følgt opp i tråd med intensjonane.

Ferdigstilling av nye rutiner

- Rutine for uønska hendingar er ferdigbehandla og ein arbeider regelmessig med oppfølging. Saman med sjukefråvær er uønska hendingar eit fast tema på AMU møta.
 - Rutiner for varsling er ferdigbehandla.
 - Arbeidsreglement
 - Retningslinjer for Seniorpolitikk
- Aktuelle rutiner er regelmessig tema i AMU-møter og i møter med verneomboda

Lærlingar

- Det er utarbeidd ein plan for oppfølging av lærlingar
- Brosjyre for lærlingar

Nye i Bjerkreim

- Positive erfaringar med betre oppfølging av nye tilsette og årleg fellessamling for desse

Informasjon til tilsette

- Info til tilsette har blitt ein god del betre

Tilsette og leiarar finn nå det meste av aktuell informasjon og skjema på kommunen sitt intranett

Utfordringar og mål for 2013

- Fokus på sjukefråværsoppfølging vert vidareført
- Ein startar opp att gruppa for oppfølging/arbeid med sjukefråvær
- Revidering av permisjonsreglement
- Revidering av stipendordningar
- Utarbeide overorda mål og plan for HMS arbeidet
- Vidareføre og vidareutvikle samarbeidet med alle avdelingane

**Ei gladnyheit i 2012**

Fleire har meldt om at prosjektet "Frisk og aktiv i Bjerkreim" har gitt inspirasjon og motivasjon til meir trim og aktivitet. For nokre har det faktisk ført til regelmessig trening og deltaking i større løp som Holmenkollstafett m.m. Kjempesprekt!



Økonomi- og IKT-avdelinga

Hovudmål for 2012

- Ny backup løysing på eigne serverar
- Ny virtuell server og lagringsløysing for å kunne bytte ut dei eldste før dei bryt saman
- Auke talet på leverandørar med elektroniske faktura for lettare og raskare behandling av fakturaene
- Økonomihandbokaarbeidet vart starta, og vert slutført i 2013
- Påbegynt arbeidet med internkontroll sett i system
- Rutinebeskrivingar

Aktivitetar i 2012

- Forarbeidet til nye kommunale nettsider vart utarbeidd og dette resulterte i val av leverandør
- Ved sida av den daglege drifta arbeider avdelinga med å utvikle drifta slik at oppgåvene kan løysast enklare, for deretter å kunne få gå ned i materien på enkelte oppgåver
- Førebu fagsystema for utsending av elektronisk faktura i EHF-format (mellom offentlege etatar)

Viktig vedtak i2012

- Auke av promillesatsen på eigedoms-skatt frå 5 promille til 7 promille.

Resultat i 2012

Ansvar 120	Regnskap 2012	Buds(end) 2012	Budsjett 2012	Regnskap 2011
1101 Kontrollutvalget	70 665	81 000	81 000	70 449
1102 Kontrollutvalgssek	88 570	91 000	91 000	82 000
1103 Revisjon	392 613	280 000	280 000	288 641
1203 Økonomi og IKT	2 882 282	3 072 000	2 997 000	2 713 334
1204 Serviceavdelingen	430	-	-	-
1205 Breiband og IKT	172 392	151 000	151 000	125 868
1206 Sentral ledelse	35 580	-	-	-
1207 Eiendomsskatt	133 490	-	-	193 808
1209 IT-fordeles	350	-	-	24 158
3900 Kirkelig adm	1 888 000	1 839 000	1 839 000	1 818 000
TOTALT	5 664 372	5 514 000	5 439 000	5 316 259

På dette ansvaret er det utgifter til revisjon og kontroll, innkreving av skatt og avgifter, føring av rekneskap, administrasjon av innkjøp, hovudansvaret for drift og innkjøp innan organisasjonen, behov for IKT samt økonomisk kontakt med Soknet.

Utfordringar og mål for 2013

- Nye internettsider for kommunen
- Rutinebeskriving på arbeidsoppgåver
- Strategi for informasjonsteknologi i kommunen skal vere på plass i løpet av andre halvår 2013
- Redundans på IKT for å auke tryggleiken til alle fagsystem som vert drifta utanfor «huset»
- Suksessive skatteoppgjer 2013 i perioden 26. juni til 16. oktober
- Etablera nytt samarbeid med Stavanger Kemnerkontor om arbeidsgjevarkontrollen innan utgangen av 2013
- Oppretthalda innkrevjingsnivået på skatt og kommunale avgifter
- Auke talet på innkomne elektroniske fakturaer frå leverandørane og redusera talet på leverandørar
- Utarbeiding av økonomihandbok for avdelinga og organisasjonen
- Vidare utarbeiding av rutinebeskrivingar for å betre tryggleiken
- Internkontroll vert sett i forbetra system
- Felles gjeldsrådgjevar i Dalane

Gladnyheiter i 2012

- Utbetra, og ikkje minst etablert sikrere trådløst nett i kommunale bygg, med tilbod om trådløst nett for besøkande i området; kommunehuset – ESSO – FN-parken
- Fleire års målretta innsats har gjort IT miljøet svært driftssikkert, med tilnærma ingen driftsavbrot i 2012.



Serviceavdelinga

Hovudmål for 2012

- Framleis yta god ekstern og intern service

Viktige hendingar i 2012

- Kommunen har teke i bruk ny løysing på nettsidene for innsyn i postlister og politiske møte og dokument, og med direkte kopling til e-post for bestilling av offentlege dokument
- Kommunens første lærling i kontor- og administrasjonsfag har teke fagprøven
- Nytt bortsettingsarkiv er etablert i leigde lokale hos Dalane Energi
- Pilotprosjektet med gratis juridisk rettleiing til publikum (førstelinjeretts-hjelp) vart avslutta pr. nyttår. Skal evaluerast av justisdepartementet før ei ev. permanent ordning vert etablert
- Arbeidsgruppe for nye kommunale nettsider vart oppnemnt og har vore i arbeid. Val av leverandør vart teke i januar 2013.
- Serviceavdelinga har m.a. behandla
 - 17 søknader om startlån
 - 44 søknader om avløysartilskot ved sjukdom m.m.
 - 34 søknader om sal- el. skjenkeløyve
 - 55 bestillingar via Infoland om meklaropplysningar ved sal av eigedomar. Utgjorde kr 48.500 i inntekt til kommunen.
- Avdelinga har delteke på ei nettverks-samling for servicekontor i Sør-Rogaland
- Personale i avdelinga har delteke på fagdagar WebSak, arkivkonferanse v/IKA, kurs i Husbankordningar m.m.



- Ein tilsett gjennomførte i haust høgskulestudiet "Fokus på service"
- Ein tilsett har gjennomført nettkurs i Offentleglova

Resultat i 2012

- Rekneskapen syner eit totalt mindreforbruk for tenesteområda under ansvar 150 på om lag kr 413.000
- Det er ikkje føreteke noko større rehabiliteringsarbeid på kommunale bustader i 2012. For bustadkontoret er det derfor avsett kr 720.000 av "overskotet" til disposisjonsfond tiltenkt framtidig ny kommunal utleigebustad

Utfordringar og mål for 2013

- Utforming, innhaldsproduksjon og lansering av nye nettsider for kommunen
- Stortings- og sametingsval i september – gjennomføring av førehandsrøysting i avdelinga. Nytt datasystem frå departementet for gjennomføring av valet vert òg ei utfordring
- Ordning, merking og flytting av arkivmateriale til nytt bortsettingsarkiv ved Dalane Energi, samt avlevering av det eldste materialet til arkivdepot ved Interkommunalt Arkiv i Stavanger

Ei gladnyheit i 2012

Kommunens første kontorlærling Marta Maria Byrkjedal gjennomførte over fire dagar i juni fagprøven i kontor- og administrasjonsfag og besto med topp resultat! Gratulerer!



Marta etter vel gjennomført presentasjon av fagprøven sin

Kulturavdelinga

Hovudmål for 2012

- Dalane kulturfestival
- Ha eit variert kulturtilbod til ulike aldersgrupper med ulike interesser. Noko breitt og noko smalt
- Få måla Kløgetvedttunet
- Bruke ulike arenaer

Viktige vedtak i 2012



- For første gong hadde Kløgetvedttunet stengt mesteparten av juli og opna tidlegare i juni og heldt ope lenger i august. Dette var vellukka. Vi fekk fleire besøkande dei søndagane vi hadde ope, særleg på eventyrdagen og på marknadsdagen – som vart arrangert for første gong.

Resultat i 2012

- Mange gode barneteater i Pittergarden, mellom anna møtte 180 personar på Karius og Baktus
- Gode arrangement i samarbeid med Folkeakademiet både for barn, eldre og vaksne.
- Vellukka Dalane kulturfestival med vekt på spennet mellom lokale amatørar og meir sentrale profesjonelle aktørar mellom anna innan matlaging, korsang og dans.
- Andre store arrangement var Silje Sirnes Winje i kulturbanken og



Sigvart Dagsland med sitt bryllaups- og gravferdorkester i Bjerkreim kyrkje

- Godt oppmøte på faste arrangement som UKM og kulturdagen
- Nokre smalare arrangement som kammermusikkonsert og konsert med Sigrid Moldestad. Viktig å ha ei breidde i tilbodet, sjølv om det ikkje fengar så mange tilskodarar.



Kjellaug Marie Bakke fekk kulturprisen
(Foto: Keth Odland)

Utfordringar og mål for 2013

- Framleis ha eit godt samarbeid med ulike organisasjonar og lag i kommunen til felles beste, mellom anna kyrkja, idrettslaget, Pittergarden/Klangfeel, Bygdekvinnelaget og kulturskulen
- Få idrettsforumet i gjenge
- Markere fleire ulike jubileum i 2013, m.a. språkåret (200 år sidan Ivar Aasen vart fødd) og kvinners stemmerett
- Gjere kulturkalenderen på nett endå meir kjend slik at fleire arrangørar melder inn sine ting for å unngå kulturkollisjon

Ei gladnyheit i 2012

Vi starta opp vann-aerobic for vaksne i tillegg til symjekursa for barn

Biblioteket

Resultat i 2012

Alt i alt vart det utlånt 18 391 bøker og andre medier i 2012, noko mindre enn i 2011. Utlånet av film til barn har auka noko, og utlånet av både skjønn- og faglitterære bøker og lydbøker til vaksne har auka. Dette er naturleg, sidan biblioteket måtte halda stengt store delar av første halvår i 2011. Då gjekk det mange barnebøker til bokkasser til klassane, og vaksne fekk ikkje låna sidan det var stengt. No når lånet av film og lånet til vaksne går opp, kjem tala nærare det dei kanskje ville ha vore i fjor viss alt hadde vore som normalt.

Av alt bokutlån var utlånet til barn og ungdom over 65 %, noko mindre enn året før. Om lag en fjerdedel av utlånet er andre medium enn bøker. Over 16 % av det totale utlånet er film.

Besøkstalet steig med ca 6 000 frå unntaksåret 2011 til 2012, til 14 640. Det er 1000 fleire besøkande enn i 2010. Det ser altså ut som om folk har kome inn i vanen med å besøka biblioteket igjen etter at det var stengt ein del av 2011.

Vi har utvida lydboksamlinga noko. Nokon stor kasseringssjau har det ikkje vore tid til.

Utfordringar og mål for 2013

Det er fullt her, så for å få betre plass til nyare bøker, skal vi jobba med å kassera og magasinera bøker som er lite utlånt. Med færre gamle bøker vil hyllene sjå meir innbydande ut, noko som kan auka utlånet. Vi vil også stilla ut fleire bøker på utstillingsbord og i hyllene.

Kraftig kutt i budsjettet har ført til at vi ikkje kan ha ope bibliotek på laurdagar lenger.

Men mesteparten av kuttet går ut over innkjøp av bøker og anna utlånsmateriell. Ikkje minst nye filmar kjem lånarane til å sakna her i år. Fjernlånet auka allereie i fjor, og når vi no har mindre midlar til bøker, går det stadig meir tid til handtering av fjernlånsbestillingar.



Kulturskulen

Hovudmål for 2012

- Kulturskulen har hatt et godt arbeidsår med stabilt personale, lite fråvær og stor innsats frå både lærarar og elevar.
- Pr. 1 september hadde kulturskulen 250 elevplassar. Av dette var 185 elevar på musikkundervisning, og 65 på andre kunst- og kulturuttrykk.
- Hovudmål for 2012 har vore undervisning og fokus på elevar. Tilrettelegging for best muleg utvikling for elevane og at dei får opptre fleire gonger.
- Det er mange utanom kulturskulen som bruker/leiger kulturbanken. Vi har hatt utleige til forskjellige selskap, fødselsdagar, konfirmasjonar og darnedåp. Ungdomslaget, ungdomskoret, Bjerkreim bras band, brukskunstforeninga og diverse band og foreiningar leiger kulturbanken regelmessig.
- Fridtidsklubben "ÆG Æ MÆ" har og base i kulturbanken kvar onsdag.



Viktige vedtak i 2012

- Vi fekk starta opp med dans 1. februar. Dette har vore ein stor suksess. Vi starta opp med 3 grupper, og utvida det til 5 grupper frå august.



Resultat i 2012

- Kulturskulen slit med å halde budsjettet. Vi hadde et lite meirforbruk dette året.



Utfordringar og mål for 2013

- Ei av målsetjingane for kulturskulen er at vi alltid skal vere i utvikling. Det er viktig å vere nyskapande og kritiske til det vi held på med. Innan kunstfaget gir vi nå undervisning i fleire kunststartar.
- Vi ser at kulturbanken vert svært mykje brukt. Det er ei stor utfordring for reinhaldaren å vaska når det ikkje er fullt av elevar og andre. Bygget ber òg preg av slitasje, særleg golv og stolar.

Ei gladnyheit i 2012

Også dette året har vi spelt inn ein Jule-CD. Alle som ønskjer å vera med får høve til det. Vi lagar også kalender som elevane på kunstgruppa har malt.

Skjeraberget barnehage

Hovedmål for 2012

- Målet for våren frå årsplan 2011-2012, var å gje barna mulegheit til å verta betre kjende med seg sjølve og med norske tradisjonar. Tema for prosjektet vart norsk folkemusikk.
- Målet for prosjektet hausten frå årsplan 2012-2013, bygde på planen frå året før. Målet var å verta betre kjende med Thorbjørn Egner sitt bidrag til barnekulturen. I 2012 var det 100 år sidan Thorbjørn Egner vart fødd.

Viktige vedtak i 2012

- Økonomi planen for 2012-2015: *"De kommunale barnehagene har fått en reduksjon som ligger i størrelsesorden 2,5-3 % i rammene."*
- Kommunestyresak 003/12: *"Bjerkreim kommune fjerner 4 dagers tilbudet i de kommunale barnehagene fra 15. august 2012... 2- og 3-dagerstilbudet skal utfylle hverandre."*
- Kommunestyresak 009/12: *"Barnehagekapasiteten i de kommunale barnehagene reguleres i forhold til godkjent leke og oppholdsareal i den enkelte barnehage... Skjeraberget 60 plasser... Bemanningen skal være i tråd med gjeldende lovverk."*

Resultat i 2012

- Det pedagogiske arbeidet dette året, skapte stort engasjement og gav barn og vaksne mange nye erfaringar og god læring.
- Kommunestyresak 003/12 gav oss mulighet til å fylla opp barnehagen meir effektivt, og dermed auka inntektene frå hausten av.
- Kommunestyresak 009/12 gav oss 6 plassar meir enn før. Det å auke opp kvar gruppe med 2 plassar, gav ein meir krevjande kvardag, sjølv om vi og fekk ein ekstra pedagogisk leiar.
- Sjølv om økonomiplanen kutta i rammene våre, gav dei to kommunestyresakene oss auka inntekter, så økonomien for året vart grei.

Utfordringar og mål for 2013

- Målet for våren 2013 frå årsplanen 2012-2013, er å sjå nærare på at det er mange måtar å vera barn på i Noreg i dag. I Skjeraberget skal det vere rom for mangfald og rom for å vere stolte av kven ein er og kva ein har å bidra med.
- Våren 2013 er barnehagen så og seie full. Vi har bare 5 to-dagars plassar ledige.
- Til hovudopptaket 2013 fekk barnehagane mindre søkjarar enn før. Det kan sjå ut til at barnehagen ikkje vil verta full hausten 2013. Færre barn krev færre vaksne. Vi planlegg å kompensera manglande inntekter med å ikkje setje inn folk i ledige vikariat.

Ei gladnyhet i 2012

Sjukefråværet gjekk ned frå 2011 til 2012. Det kjem av trivsel på arbeidsplassen og at nokre med langtidsplager nådde sin maksimale dato for sjukepengere.



Skjeraberget som har gitt barnehagen namn.

Røysekatten barnehage

Hovudmål for 2012

- Målet i Røysekatten er at vårt arbeid skal kjenneteiknast av kvalitet gjennom samhandling, kompetanse, arbeidsglede, tydelegskap og tilfredse brukarar. Vi ønskjer å vere den UNIKE barnehagen; undrande, naturbruk, idérik, kjærleg og engasjert.

Viktige vedtak i 2012

- Vi har tilsett ein kjøkkenhjelp midlertidig i 50 % stilling – eit vellukka tiltak for både barna og personalet i barnehagen
- I økonomiplanen for Bjerkreim kommune 2012-2015 har dei kommunale barnehagane har fått redusert rammene i med 2,5-3 %.
- Utfrå at barnehagekapasiteten i dei kommunale barnehagene vert regulerte i forhold til godkjent leike- og opphaldsareal i den enkelte barnehagen førte dette til at Røysekatten har 125 plasser

Resultat i 2012

- Kommunestyresak 009/12 gav oss fleire plassar enn før. Dette førte til større barnegrupper og har gitt ein meir krevjande kvardag. Men dette har gjort at det pedagogiske arbeidet dette året, skapte stort engasjement og gav barn og vaksne mange nye erfaringar og god læring.
- Sjølv om økonomiplanen kutta i rammene våre så vart økonomien for året ok.

Utfordringar og mål for 2013

- Å få ned talet på sjukemeldingar og arbeide meir med konseptet; den unike barnehagen.
- I Røysekatten skal alle vere unike og det skal vere rom for mangfald og rom for å vere stolte av kven ein er og kva ein har å bidra med, uansett om du er forelder/brukar, barn eller tilsett i Røysekatten.
- Til hovudopptaket 2013 fekk barnehagane i kommune mindre søkjarar enn før. Det kan sjå ut til at Røysekatten ikkje vil verta full til hausten 2013.

Gladnyheiter i 2012

- Nytt bygg med to nye avdelingar vart igangsett, og sett i drift frå hausten.
- Trivsel på arbeidsplassen, motiverte og engasjerte tilsette i barnehagen, skapte eit lærerikt og godt miljø for brukarane, barna og personalet.



Vikeså skule

Visjonen for Vikeså skule er:

"Me vil vera med å gje elevane røter og vengjer slik at dei vert i stand til å meistra livet."



Hovudmål for 2012

- Halde fram med arbeidet med tydeleg klasseleiing
- Skape eit godt psykososialt miljø for elevane gjennom hyppig fokus på mobbing, kollektive ferdigheiter og aktiv bruk av ART-kurs

Viktige vedtak i 2012

- Vidareføring av ART gjennom utdanning av fire nye ART-trenarar.
- Gjennomføring av ART-kurs på 2., 5. og 8. trinn
- Vedtak om korleis og kva tid ein skal ta til med utbygging av nytt skulebygg.
- Skulering av lærarar og tilbod om NyGiv til elevar på

Resultat i 2012

- Det er framleis lite fråfall av elevar frå Bjerkreim i vidaregåande skule. Mange av elevane får fagbrev. Men det er framleis slik at relativt få frå Bjerkreim tek høgare utdanning.
- Skulen har hatt høgt fokus på elevane sitt psykososiale miljø gjennom mellom anna planleggingsdag med Svein Størksen frå SAF, deltaking på BliMed-dansen, og opplegg rundt filmen til, og besøk av Silje Marie Strandberg i tillegg til dagleg fokus i klassane.

- Når det gjeld eksamen går elevane på Vikeså skule litt opp i munnleg eksamen. I skriftleg eksamen matematikk går dei litt ned. Vi ligg likevel likt med gjennomsnittet i Rogaland og landet elles.
- Resultata på nasjonale prøver held seg ganske stabile. Gledelig er det at ein går merkbar opp i engelsk på 5. trinn.
- Elevundersøkinga viser at elevane ved Vikeså skule trivst med lærarane og kvarandre. Ei utfordring her er medbestemming og karriererettleiing.
- Eit vellukka personalseminar i Krakow. Sosialt, kulturelt og fagleg innhald ga ny energi i ein travel kvardag. Tema var klasseleiing og Eskil Domben frå Diakonhjemmet høgskule var med oss.

Utfordringar og mål for 2013

- Ivareta eit godt lærings og psykososialt miljø for alle elevar
- Utdanne fleire ART-trenarar, og halde fram med ART-kurs på 2., 5. og 8. trinn.
- Ta i bruk nytt skulebygg!

Ei gladnyheit i 2012

Det vart vedteke å bygge ny skule. Etter ein lang prosess i 2012, kunne ein i november ta til med byggeprosessen.



Bjerkreim skule



Hovudmål for 2012

- Heve elevane sin kompetanse med særleg vekt på dei fem grunnleggjande ferdigheitene
- Gjennom auka læringstrykk gje den enkelte elev ei best muleg tilpassa undervisning
- Gjennomføre renovering av skulekjøkkenet

Viktige vedtak i 2012

- Vedtak om å renovere skulekjøkkenet

Resultat i 2012

- Skulen har gode resultat på Nasjonale prøver både for 5. klasse og for 8. klassingane med bakgrunn frå Bjerkreim skule.
- Skulen har i store delar av 2012 slitt med underbemanning. Det har vore vanskeleg å finne kvalifiserte vikarar. Ved årsslutt mangla skulen lærartimar tilsvarande ei heil stilling.
- Det har vore eit år med mykje negativt fokus på skulen i media. Eit fokus som har påverka kvardagen og arbeidsmiljøet for alle tilsette. Ein har ved skulen opplevd å ha god støtte frå administrasjonen i kommunen i dei sakene ein har fått kritikk for. Situasjonen ved skulen hausten/vinteren 2012/13 er eit døme på kor krevjande det kan være for ein skuleigar å klare balansen mellom å ta omsyn til elevar og foreldre samstundes som skuleeigar også skal framstå som ein ansvarleg

arbeidsgjevar. Ein finn ved alle skular ting enn kan gjere betre, og ved Bjerkreim skule, men å bygge opp om å presentere skulen som ein versting viser ikkje eit rett bilete av skulemiljøet og gagnar ikkje skulen eller kommunen.

Utfordringar og mål for 2013

- Heve elevane sin kompetanse med særleg vekt på dei fem grunnleggjande ferdigheitene
- Vidareutvikle skulen sin vurderingspraksis og gje best muleg tilpassa undervisning
- Ei stor utfordring i 2013 vert å gjenskapa iveren og stå-på viljen til dei tilsette etter den påkjenninga dei har vore utsett for den siste tida.

Ei gladnyheit i 2012

5. klasse vann julekortkonkurransen i Kongeparken og kan reise dit ein dag gratis på slutten av skuleåret



Gammelt og nytt skulekjøkken!



Levekårsavdelinga

Hovudmål for 2012

- Tilretteleggja tenestane innafor levekår, slik at mottakarane av tenestene vert i stand til å leva eit så godt liv som muleg.
- Medverka til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.
- Fremja økonomisk og sosial tryggleik, betra levekåra for vanskelegstilte, medverka til auka likeverd og likestilling og førebyggja sosiale problem.
- Arbeida for at barn og unge og deira familiar får eit fullverdig og heilskapleg tenestetilbod.
- Fleire i arbeid og aktivitet, samt færre på stønad.
- Styrke folkehelsearbeidet, samt tilby helse og omsorgstenester opp til spesialist-tenestenivå i nærmiljøet, i samsvar med LEON – prinsippet (lågaste, effektive omsorgsnivå).
- Fremja folkehelse gjennom trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold, og søkja å førebyggja og behandla sjukdom, skade eller lyte. Spreie opplysning om og auke interessa for kva den enkelte sjølv og allmenta kan gjere for å fremje sin eigen trivsel, sunnheit og folkehelse. Ta i bruk naturen som helsefremmande tiltak.
- Organisera og byggja ut dei samla helse- og omsorgstenestene, slik at innbyggjarane kan bu heime så lenge som muleg, og har tryggleik for at dei får hjelp når dei treng det.
- Medverke til at den enkelte får mulegheit til å leva og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfullt tilvære i fellesskap med andre.
- God pasientbehandling, kort ventetid, fullverdige allmennlegetenester. Oppfølging av Samhandlingsreformen.

Viktige vedtak i 2012

- Auka fysioterapitenesta
- Vedtak om godkjenning av hovudavtalen og delavtaler i samsvar med samhandlingsreformen



Resultat i 2012

Barnevernet

- Barneverntenesta i Bjerkreim har saker med same innhald som året før; vald, seksuelle overgrep, generell omsorgsvikt, familiekonflikter, foreldre si psykiske helse, psykisk helse hos barn/ungdommen, åtferd hos barn/ungdom, rus og kriminalitet hos både ungdom og foreldre.
- Trenden er dog at alvorlighetsgraden i saker eskalerer og at hjelpetiltak som vert tilbydd er av omfattande karakter.
- Dei fleste tiltaka er endringsorienterte og heimebaserte. Mens noko er tiltak utanom kommunen t.d. akutt plassert ungdom ved institusjon. P.g.a. kompleksitet i fleire av sakene vart det iverksett sakkyndige utgreiingar. Barneverntenesta har søkt bistand i saker med mistanke om alvorlege overgrep/omsorgsvikt og muleg omsorgsovertaking.
- Barneverntenesta mottok 55 meldingar, mot 45 i 2011. Henlagte meldingar er 30, mot to i 2011.

NAV

- Kvalifiseringsprogram for personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne
- Talet på sosialhjelpsmottakarar var 38, mot 39 personar i 2011
- Få er langstidsmottakarar, dei fleste er på supplerande ytingar
- Det er kjøpt gjeldsrådgjeving til 10 personar, same tal som året før
- Ein person deltek i introduksjonsprogrammet

Helsetenesta

- Bjerkreim Legekontor har to fastlegar (helsestasjon/skulelege, tilsynslege omsorgssenter og fastlege, kommuneoverlege) – begge har arbeidd ved legekontoret i over 10 år. I tillegg har kontoret turnuslege.
- Det er i tillegg ca. 2 stillingar med hjelpepersonale
- Sjukefråveret er svært lågt. Alle tilsette har lang erfaring ved legekontoret.
- To av sjukepleiarane ved kontoret har gjennomført First Responder-kurs i 2012. Helsesekretær gjennomfører kurset i 2013. Kommuneoverlege deltek i samfunnsmedisinsk spesialisering. Personalet deltek i faglege nettverk knytt til stillingane og elles på kurs der det er relevant og naudsynt.

Talet på listepasientar har i løpet av året auka frå 2141 til 2258. Øvrige nøkkeltal for 2011 og 2012 er følgjande:

	2011	2012
Konsultasjonar	7 294	7 444
Sjukebesøk	143	130
Kontakt med PLOMS	1 055	1 180
Sum all kontakt inkl tlf, brev etc	14 558	14 949
Inntekt pasientbehandling	3 263 000	3 312 000
Inntekt vaksine	111 000	94 000

Legekontoret har opningstid 8-16 alle kvardagar. Det er eit mål at alle telefonar skal svarast på innan eitt minutt. Det er inga ventetid på strakshjelp. Kontoret sett under eitt har sjeldan meir enn nokre timar ventetid på ordinære oppringingar.

Dag-legevakt for Bjerkreim er organisert ved Bjerkreim legekontor. Utanom ordinær kontortid samarbeider Bjerkreim, Eigersund og Sokndal kommune om interkommunal legevakt. Bjerkreim skal dekkja fire vakter pr månad. Kommunelege II er frå 1. januar 2013 fritatt frå legevakt utanom kontortid på grunn av den nye fastlegeforskrifta. Turnuslege og Kommuneoverlegen dekkjer dei fire vaktene. Innbyggjarane i Bjerkreim har eit vesentleg lågare forbruk av legevakt på kveld/natt/helg samanlikna med Eigersund.

Legekontoret etablerte eResept i 2012 og har også etablert elektronisk kommunikasjon med omsorgstenesta.

Kommuneoverlegen

Oppfølging av avtaleverket mellom kommunane og helseforetaket har vore den mest tidkrevjande enkeltoppgåva. Folkehelsearbeid har også vore ei prioritert oppgåve.

Vinteren 2012 har det vore ein langvarig influensa-epidemi som også har råka innbyggjarane i Bjerkreim – der mange har vore sjuke, og ikkje reint få har hatt symptom i meir enn ein månad. Det er elles mykje muskel/skjelettplager, og ein god del psykiske lidningar – som gjer det viktig med godt samarbeid med fysioterapi- og psykisk helseteneste.

Helsestasjonen

- To helsesyster i 100 % stilling, og jordmor i 50 % stilling.
- Født 37 barn, mot 41 i 2011.
- Følgjer vegleiar for helsestasjon og skulehelseteneste, og tilbyr alle konsultasjonar som er anbefalt, oppmøte er opp mot 100 %.
- Tilbyr også ekstrakonsultasjonar etter behov.
- Helsesystrene koordinerer pr. i dag 19 ansvarsgrupper, og er koordinator for 10 Individuelle planar.
- Har fullført internundervisning i forhold til amming, og innarbeidd nye rutiner.
- Har saman med andre kommunar i Rogaland fullført ei kursrekke med opplæring i tidleg intervensjon mot barn og familiar i risiko.
- Datahelsestasjonsprogrammet er oppgradert til winmed 3.
- Deltek i kommunalt folkehelseforum.
- Starta samarbeid med barneverntenesta i barselgrupper. Deltek når tema er samspel.



Vikeså Fysikalske Institutt


Vikeså fysikalske institutt hadde fram til mai 140 % driftstilskot pga prosjekt, og frå mai og ut året 120 % driftstilskot fordelt på to stillingar. Den eine fysioterapeuten var sjukemeldt fram til mai, og den andre gjekk i permisjon frå mai og ut året. Det vart sett inn vikar frå mars.

Ved instituttet har det totalt vorte utført 2142 konsultasjonar fordelt på 267 pasientar. Av desse pasientane var det 160 kvinner og 107 menn. Alle aldersgrupper er representert. Aldersgruppa 0-19 år utgjorde 14 % av total pasientmasse. Hovudgruppa er i alderen 40-79 år med 61 % av totalt tal pasientar.

Diagnosestatistikken fortel at hovudgruppa er uspesifikke nakke- og ryggsmertar og kne- og hoftededdsartrose. Andre diagnoser som ofte går att er reumatoid artritt og traumerelaterte diagnoser. 75 % av pasientane hadde bustad i Bjerkreim kommune og 25 % var frå nabo kommunar.


Omsorgstenesta

- Regnskapet syner eit meirforbruk på kr. 396.000. Når ein likevel ikkje klarte ramma slik som planlagt skuldast dette i hovudsak større pensjonsutgifter enn forventa.
- Største delen av driftsåret har institusjon / heimesjukepleien hatt ekstra personale på kveldstid for at vi skulle unngå sjukemeldingar og uforsvarleg drift av tenestane. Sjukefråværet i omsorgssektoren har i gjennomsnitt vore på 1,95 for korttidsfråvær og langtidsfråvær 12,18 %.



- Multidose (ferdigdosert pakking til institusjonsbrukarane av medisin frå apotek) vart innført frå november. Tiltaket er nødvendig som følgje av mange avvik på legging av medisin. På grunn av liten bemanning har dosettlegginga i 2012 måtta gå føre seg på natt. Det er planlagt utviding av ordninga til heimesjukepleien i 2013.
- Sokkeletasjen har tidligare vore definert som aldersheimsplassar. Med bakgrunn i pasientane sitt funksjonsnivå har 4 av desse plassane blitt omdefinert til sjukeheimsplassar.
- Omsorgssenteret har nå 26 plassar for langtidsbebuarar i sjukeheim, og 3 plasser for avlastning / korttidsopphald.
- Det var avsett midlar til planlegging av utbygging for omsorgssenteret. Dette vart utsett då vi såg at det var naudsynt med ein større og meir omfattande plan for ombygging og utbygging av omsorgssenteret.
- Samhandlingsreforma har ført til eit langt sterkare press på tenestane i form av seinare innlegging, og hurtigare mottak av pasientar frå sjukehuset.
- Bjerkreim kommune har ei svært låg innleggingsrate i sjukehus, men dette fører til eit stort press på tenestane i omsorgssektoren.
- Heimesjukepleien gav pr. 31.12.2012, tilbod til 58 pasientar.

- Stadig større del av bemanninga på omsorgssenteret må betene brukarar i heimesjukepleien. Dette fører til at det i helg til tider er eit personal igjen i avdelinga for å betene 8-16 pasientar. Heimesjukepleien har nå tre ruter på dagtid som er belagt heile dagen. I 2009 hadde vi to ruter der bare deler av dagen vart nytta til gjennomføring av oppgåvene.
- Behovet for korttids-, avlastnings- og langtids plassar er aukande. På grunna av manglande sengekapasitet er det vanskeleg å kunna gje forutsigbare avlastningsordningar. Til saman vart det nytta 719 døgn korttidsopphald / avlastning fordelt på 49 pasientar. I 2012 hadde vi 4 døgn der vi ikkje klarte å ta imot utskrivingsklare pasientar.



- Samhandlingsreforma krev langt strengare krav til prosedyrer, rutiner og fagleg kunnskap.
- Det har ikkje vorte gjennomført nokon stillingsreduksjonar i 2012, men aktivtør er det ikkje funne rom for å gjenopprette.
- Heimehjelpa har hatt same nivå som i 2011, dvs. ein reduksjon på ca. 0,5 stilling. Tenesta har 1,8 årsverk og gir tilbod til 38 brukarar.
- Psykisk helseteneste omfattar krisehjelp, oppfølging av personar med langvarige og samansette behov. I 2012 har situasjonen for denne tenesta vist ei auke i talet på brukarar med store oppfølgingsbehov. Dei 2,5 årsverka som er knytt til tenesta gir tilbod til ca. 45 pasientar.
- Psykisk helseteneste ser eit stadig større behov for oppfølging av unge med Asberger og ADHD diagnosar. Fleire av desse vil trenge oppfølging i bustad i næraste framtid.
- Tenesta legg vekt på å ha eit lågterskeltilbod, og får derfor eit høgt tal brukarar. Utfordringa vert her som i dei andre delane av helsetenesta at pasientar frå spesialisthelsetenesta vert utskrivne raskare, og ansvaret for oppfølging vert gitt til kommunen.

Samarbeidet med Uninor har vore heilt naudsynt for at vi skal kunne gje gode tilbod innafor såpass små rammer.

- Avdelinga for personar med nedsett funksjonsevne er eit svært pressa område. Det er berre avsett 15% stilling til å følgje opp brukarar, deira familiar og støttekontaktane. Omsorgsektoren har heller ikkje noko døgn/miljøarbeidarteneste for denne gruppa. Dette er problematisk og vil vere ei stor utfordring for oss i dei kommande åra. Avdelinga driv i nært samarbeid med psykisk helseteneste.
- Kjøkkenet har i si matombringsteneste ca 40 brukarar.



Kompetanseheving

For å møte stadig strengare krav til fagleg nivå på tenestane har vi hatt sjukepleiarar og fagarbeidarar på vidareutdanning, innan palliasjon og rehabilitering. Det er gjennomført opplæring (ca. 90 timar) av 9 sjukepleiarar til First Responder. Utanom det akuttmedisinske som vert nytta i sjølve ordninga, har vi også svært god nytte av den erverva kunnskapen i institusjonen og heimesjukepleien.

To leiarar var under vidareutdanning innafor leiing, og det vert planlagt vidareutdanning av ytterlegare to leiarar. Ein tilsett tek master-oppgåve innafor samhandlingsreforma. For å behalde og rekruttere kvalifisert personale er høve til vidareutdanning og fagleg utfordrande- / stimulerande miljø eit av hovudverkemidla i personalarbeidet i åra som kjem. Sjukare pasientar fører til langt høgare oppfølging av den enkelte pasient, og fokus på dokumentasjonskrava tek ein stadig større del av kvardagen.

Utfordringar og mål for 2013

Legkontoret

Det er generelt stadig aukande møteaktivitet både med ansvarsgrupper, dialogmøter med NAV, samarbeidsmøter på interkommunalt nivå og liknande. Møter medfører at oppsette pasientkonsultasjonar i ein del tilfelle må flyttast – og eit kvart møte gjer legen utilgjengeleg for pasientbehandling. Det er eit mål å sikra korte møter utan særleg reisetid, slik at minst muleg tid går med til møter.

Krav til elektronisk samhandling medfører ein god del ekstra arbeid på alle legekontor, og gjer at drifta av legekantoret i stor grad er avhengig av at datasystema fungerer. I periodar der det er problem med datasystema, går det sterkt ut over drifta. Systema vert oppfatta som lite brukarvenlege, slik at det til tider er heilt avgjerande å få støtte frå programvare-leverandør for å kunna levera gode tenester.

Frå 2013 skal kommunen sjølv tilsetja turnuslege. Dette vil krevja større fokus på arbeidsgivaransvaret for kommunen.

Helsestasjonen


- Startar tettare samarbeid med kommunal fysioterapi. Helsesyster kan vise barn til fysioterapeut for vurdering. Fysioterapeut deltek og i barselgrupper ved 4 månader, og snakkar om motorisk utvikling, samt tilbyr motorisk vurdering av alle barn.
- Helsesyster deltek i folkehelseforum.
- I samband med folkehelsearbeid og tidleg intervensjon, startar vi tettare samarbeid med barnehagane. Skal utføra 4-årskontrollen i barnehagane.
- Vidareutvikla arbeidet med førebygging og behandling av overvekt og fedme hos barn og unge, ta i bruk metoden motiverande intervju i dette arbeidet.
- Starte å bruke EDPS, kartleggingsverktøy i forhold til å identifisera depresjon hos nybakte mødrer.
- Satsing på kompetanseheving i forhold til kriseteam.

Omsorgstenesta / koordinerende eining

- Implementere delplanen for helse- og omsorgstenestane i organisasjonen.
- Vidareføre arbeidet med samhandlingsreforma t.d. strakshjelp, rehabilitering og fysioterapi.
- Tilstrekkeleg tal plassar til langtidsbebuarar i institusjon. Då særleg med vekt på personar med demensdiagnosar, korttidsopphald og rehabilitering.
- Ei vidare utbygging av heimesjukepleien saman med ei god rehabiliteringsteneste som kan arbeide for at pasientar kan bli buande i eigen heim så lenge dei ønskjer.
- Vidareføre arbeidet med partnerskap for folkehelse.
- Styrke tilbodet til mennesker med nedsett funksjonsevne, herunder bustader med tilknytt miljøarbeidarteneste.
- Auke stillingsressursen til koordinatorane og koordinerende eining for habilitering og rehabilitering.
- Førebu ombygging av omsorgsenteret.
- Oppretthalde, vidareutvikle og styrke kapasiteten innafor både psykisk helse og rusarbeid.
- Styrke brukarperspektivet
- Fremja brukar sine ressurser og mulegheiter
- Fleire kommunale bustader til mennesker som har spesielle behov, og ein vanskeleg økonomi.

Barnevernet

- Auka kompetansen for barnevernstenesta.
- Ungdom er ei særleg prioritert målgruppe.

**Gladnyheiter i 2012**

- Personalet i omsorgstenesta har stort engasjement og "stå på vilje".
- First Responder er etablert frå august.
- Elektronisk meldingsutveksling innført frå november.
- Frå hausten 2013 vert driftstilskotet auka med 40% slik at begge fysioterapeutane får 80% tilskot kvar.
- Våre utmerka vaktmeistrarar malte alle rom på helsestasjonen, vi fekk "nye" lyse rom.☺

Teknisk avdeling

Det har vore eit aktivt år for avdelinga. I tillegg til løpande behandling av plan- og byggesaker, er det arbeidd mykje med kommuneplan og kommunedelplan Vikeså.

Det har også vore arbeidd mykje med investeringsprosjekt som utviding av gravplass, utviding av Røysekatten barnehage, opparbeiding av bustadfelt og gang- og sykkelsti, ny skule på Vikeså m.m.



Tilbygget til Røysekatten barnehage

Hovudmål for 2012

- Gjennomføre tilfredsstillande vedlikehald av vegar og bygningar.
- Oppretthalde god økonomikontroll innan både drift- og investering.
- Legge fram kommunedelplan for Vikeså til 2. gongs behandling.
- Legge fram kommuneplanen sin arealdel for Bjerkreim kommune til 1. gongs behandling.
- Legge fram kommunen sin planstrategi for inneverande periode for vedtak.

Viktige vedtak i 2012

- Krav om utarbeiding av reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs FV 112, søndre del.
- Generelle vedtekter for krav om tilknytning til kommunalt avløpsanlegg.
- Krav om at vannavgift for gardsbruk skal reknast ut frå målt forbruk.

Resultat i 2012

- Dei måla som var sett for 2012 vart delvis innfridd. Kommunen har halde eit høgt nivå på vegvedlikehaldet. Når det gjeld bygningar er det også eit tilfredsstillande vedlikehald, sjølv om det nok på nokre bygg kunne vore betre.
- Det har vore god økonomikontroll i alle prosjekt. Drifta gjekk med eit moderat mindreforbruk. Investeringsprosjekta ser også ut til å halda seg innafor rammene, med eit moderat mindreforbruk på fleire av prosjekta.
- Måla for kommuneplan og kommunedelplan er ikkje nådd. Måla som vart sett for 2012 vil verte vidareførte i 2013.
- Mål om å vedta planstrategi vart innfridd.

Utfordringar og mål for 2013

- Oppretthalde kapasitet og kompetanse for å halde høg kvalitet på dei tenestane avdelinga gir.
- Oppretthalde god økonomikontroll både innan drift og investering.
- Legge fram kommuneplanen sin arealdel til 2. gongs behandling.
- Legge fram kommunedelplan for Vikeså til 2. gongs behandling.
- Ferdigstille nye Vikeså skule

Ei gladnyheit i 2012

Røysekatten barnehage vart utbygd med to avdelingar på rekordtid og med eit moderat mindeforbruk i høve til investeringsramma.

Landbruksavdelinga

Hovudmål 2012

- At bøndene får dei tilskota dei etter regelverket har rett på; bl.a. produksjonstilskot, RMP, sjukdoms-avløysing og SMIL-midlar
- Få unna alle sakene innafor ei rimeleg behandlingstid
- Gode BU-saker til Innovasjon Norge
- Auka tilplanting av skogsareal

Viktige vedtak 2012

- Samarbeidsprosjektet *Bygdeutvikling i Dalane* med partane Fylkesmannen, Innovasjon Norge og Dalane-kommunane vart forlenga med 3 år fram til 31.12.15
- Det 3-årige mjølkeprosjektet vart forlenga med 2 år, der Fylkesmannen, Fylkeskommunen (RUP-mdl.), Forsøksringen, sponsorar og Dalane-kommunane betaler
- RUP-midlar til prosjektet næringsutvikling rundt Bjerkreimsvassdraget

Resultat i 2012

- Jord og skog heldt seg innafor budsjetterte rammer
- Det omfattande turkartprosjektet vart fullført med oppsett av vegvisarar i sti-kryssa, trykking og montering av kart og turvettregler på informasjonstavlene på dei ca. 60 P-plassane



- BU-midlar til geitefjøs i Ørsdalen og til eitt sauhus, + 3 mindre saker med fiksing i fjøs og sauhus
- Nydyrkingsaktivitet: 13 bønder dyrka totalt 123 da, mot 95 da i fjor

- Talet mjølkebruk vert stadig redusert. No vert det henta mjølk på 103 gardsbruk. I 2009 stoppa tankbilen på 126 bruk, som tilsvarer ein reduksjonen på 18 % på 4 år.
- Det vart planta 123 da (113 i fjor), herav 21 da nytt skogareal
- Ungskogpleie vart utført på 82 da (89)
- Det vart levert ca. 1.306 m³ barskog (6.300 i fjor)
- 10 elgar og 76 hjortar (70) vart felt
- Næringsfond vart gitt til oppstart av 2 nye firma, og vidareutvikling av eitt
- Det 3-årig saueprosjektet i Rogaland som kommunen har løyvd tilskot til, og der landbrukssjefen har representert kommunane i styringsgr, vart fullført. Positivt prosjekt for næringa
- Personalet har ikkje hatt sjukefråvær, har lang erfaring, og FMLA er flinke til å arrangera samlingar og kurs for kommunane for fagleg oppdatering
- Studiet i landbruksjus hausten 2011 har 2 tilsette hatt godt utbytte av

Utfordringar og mål for 2013

- Med auka bemanning er målet å redusera saksbehandlingstida, spesielt på søknader om nydyrking og vegbygging
- Halda aktiviteten oppe i mjølkeprosjektet med bl.a. beitekurs, faggruppe/møte, gardsbesøk og fokus på HMS-tiltak for innandørsmekanisering
- Auka fokus og kontroll på kravet til nok spreieareal for buskapen
- Fortsetja arbeidet med digitalisering av innmarksbeite som er godkjent som spreieareal
- Helikoptergjødsling av plantefelt som ikkje har hatt tilfredsstillande tilvekst

Gladnyheit i 2012

Ny fagkonsulent i 50 % stilling var på plass i august, etter budsjettvedtak om auka bemanning

Prosjekt / Investeringar

		Disp 01.01	Regnskap 2012	Buds(end) 2012	Disp 31.12
6009	Felles IT	350 000	736 697	400 000	13 303
6014	Ledning Bjerkreim - Vikeså	2 990 151	206 446	0	2 783 705
6015	Vikesdalslia 4		8 700	0	-8 700
6021	Næringsområde Røysland	887 011	40 531	0	846 480
6037	Asfaltering		496 438	500 000	3 562
6058	Kirkegårdsutvidelse Bjerkreim	5 564 983	5 833 924	650 000	381 059
6061	G/S - veg Fv 112		1 761 382	0	-1 761 382
6066	Ringeanlegg Bjerkreim kirke	200 000	256 969	100 000	43 031
6071	Skilting	109 979	15 797	0	94 182
6101	Vikeså skule - gjenoppbygging av småskulen	10 162 718	465 931	0	9 696 787
6107	Røyslandsdalen 2011	-3 879 839	3 500 162	9 500 000	2 119 999
6109	G/S-vei Fv 51		145 376	0	-145 376
6112	Branniltak - Bjerkreim skule 2012		49 250	100 000	50 750
6113	Rehab/avlastningssenger Omsorg		0	500 000	500 000
6114	Rørlegg Omsorg		63 676	300 000	236 324
6115	Brannskiller Omsorg		473 828	400 000	-73 828
6116	Bad - Omsorg		200 000	200 000	0
6117	Basseng - Vikeså skule		275 820	350 000	74 180
6118	Skolekjøkken - Bjerkreim skule		0	500 000	500 000
6119	Påbygg barnehage 2012		11 138 961	12 000 000	861 039
6121	Omsorgsboliger 2013 - 2014		16 313	0	-16 313
6129	WinMed 3 - oppgradering		80 000	0	-80 000
6133	Reguleringsplan Hunnadal		131 067	0	-131 067
6135	Kaldoserer Bjordal	6 021 558	108 421		5 913 137
	T O T A L T	22 406 561	26 005 689	25 500 000	21 900 872

6009	Felles IT
Økonomi	736 697,-
Framdrift	Det har vore noko etterslep av arbeid, men i 2012 måtte vi skifte ut nokre servarar samt supplere VMware med ny servar som også kostar lisensar og konsulentarbeid. Trådløst nett er skifta ut og sikkerheiten ivaretatt. Med trådløst nett er det gitt besøkande i området rundt FN-parken eit tilbod om gratis nettilgang.
Andre forhold	I 2013 skal det arbeidast med å få ferdigstilt i strategiplan for IKT i kommunen

6014	Leidningsnett Bjerkreim - Vikeså
Økonomi	206 446,-
Framdrift	Prosjektet er ferdig, og gjekk med eit moderat mindreforbruk.
Andre forhold	

6015	Vikedalslia 4
Økonomi	8 700,-
Framdrift	Prosjektet gjeld kartlegging og vurdering av eksisterande vassforsyning i Vikedalslia.
Andre forhold	Prosjektet er ikkje finansiert, men kan dekkast inn over sjølvkostkapitla.

6021	Næringsområde Røysland
Økonomi	40 531,-
Framdrift	Prosjektet vert lagt ut på anbod i vår. Planlagt oppstart august/september med ferdigstilling til nyttår.
Andre forhold	Det vart i budsjettet for 2013 sett av kr. 4,5 mill.

6037	Asfaltering
Økonomi	496 438,-
Framdrift	Gjennomført som føresett.
Andre forhold	-

6058	Kyrkjegardsutviding Bjerkreim
Økonomi	5 833 924,-
Framdrift	Sjølve kyrkjegardsutvidinga er ferdigstilt. Bygging av reiskapsbu gjenstår, og vil bli utført i 2013.
Andre forhold	

6061	Gang- og sykkelveg Fv 112
Økonomi	1 761 382,-
Framdrift	Arbeidet er ferdig, men sluttoppgjer er ikkje ferdig.
Andre forhold	Prosjektet vert finansiert av trafikktryggingsmidlar.

6066	Ringeanlegg Bjerkreim kyrkje
Økonomi	256 969,-
Framdrift	Dette er ferdig og det vart løyvt meir midlar enn opphavleg løyvt då det vart stilt strengare krav til utførar av riksantikvaren enn opphavleg antatt.
Andre forhold	-

6071	Skilting
Økonomi	15 797,-
Framdrift	Storparten av prosjektet er ferdig.
Andre forhold	

6101	Vikeså skule
Økonomi	465 931,-
Framdrift	Framdrifta vart hindra noko av vinter. Uvanleg mykje tele i bakken har hindra støyping, og forskyve framdriftsplanen.
Andre forhold	

6107	Røyslandsdalen 2011
Økonomi	3 500 162,-
Framdrift	Arbeidet er ferdig, med unntak av noko sikringsarbeid knytt til snuhamre og leikeplass.
Andre forhold	Dette beløpet er kostnadar som har påløpt i 2012. Eit tilsvarande beløp vart brukt i 2011. I tillegg er det ikkje selt så mange tomter som ønska slik at prosjektet ikkje er fullfinansiert som opphavleg budsjettert.

6109	Gang- og sykkelveg Fv 51
Økonomi	145 376,-
Framdrift	Prosjektet gjaldt reguleringsarbeid. Dette arbeidet er ferdig.
Andre forhold	-

6112	Branntiltak – Bjerkreim skule
Økonomi	49 250,-
Framdrift	Utskifting av dører i forhold til pålegg.
Andre forhold	

6113	Rehab / avlastingssenger omsorg
Økonomi	0,-
Framdrift	Ingen framdrift. Prosjektet har i 2013 ei ramme på 1 000 000,-
Andre forhold	-

6114	Røyranlegg Omsorg
Økonomi	63 676,-
Framdrift	Må sjåast i samband med prosjekt 6115.
Andre forhold	

6115	Brannskiller Omsorg
Økonomi	473 828,-
Framdrift	Arbeidet er ferdig.
Andre forhold	

6116	Bad – Omsorg
Økonomi	200 000,-
Framdrift	Arbeidet er ferdig.
Andre forhold	

6117	Basseng Vikeså skule
Økonomi	275 820,-
Framdrift	Arbeidet er ferdig.
Andre forhold	

6118	Kjøkken Bjerkreim skule
Økonomi	0,-
Framdrift	Kjøkkenet er ferdig rehabilitert.
Andre forhold	Kommunestyret vedtok i sak 073/12 (rapport for 2. tertial) at 150.000,- skulle overførast frå Bjerkreim skule sitt driftsbudsjett til fullfinansiering av prosjekt 6118.

6119	Påbygg Røysekatten barnehage
Økonomi	11 138 961,-
Framdrift	Arbeidet er ferdig.
Andre forhold	

6121	Omsorgsbustader 2013 – 2014
Økonomi	16 313,-
Framdrift	Prosjektet er ikkje framførbart slik det var tenkt og prosjektet er stengt for vidare rekneskapsføring.
Andre forhold	

6129	WinMed 3 – oppgradering
Økonomi	80 000,-
Framdrift	Oppgradering av programvare på helse. Finansiert ved bruk av oppsparte midlar i balansen.
Andre forhold	Gjenstår noko arbeid og etterkontroll då det viste seg at delar av leveransen ikkje stod i stil med ønske og det som var avtalt.

6133	Reguleringsplan Hunnadal
Økonomi	131 067,-
Framdrift	Arbeidet er ferdig.
Andre forhold	

6135	Kaldoserar Bjordal
Økonomi	108 421,-
Framdrift	Påbegynt arbeid som i utgangspunktet skal gje kalk til vassdraget, og straum til Bjordal via line.
Andre forhold	Samarbeidsprosjekt med Fylkesmannen.

Likestilling, mangfald og tilgjengelegheit

Kommuneloven § 48 nr. 5 stiller krav om at årsmelding skal gjera greie for faktisk tilstand for likestilling i kommunen og kva kommunen gjer for å fremja føresetnaden i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova.

Likestilling

Bjerkreim kommune har ikkje ein eigen plan for likestilling. Likevel har fleire styringsdokument og utøving av mynde klare føresetnader om likestilling mellom kjønna. Eksempelvis får kvinner og menn lik lønn for same stilling om arbeidsoppgåver og ansvar er dei same. Det vert spesielt tatt omsyn til gravide tilsette i den grad det er muleg i den daglege drifta. Ved tilsetjing tek kommunen omsyn til god balanse mellom kjønna om søkjaren er eigna og krav til kvalifikasjonar er ivarettatt.

Mangfald og tilgjengelegheit.

Kommunen legg også vekt på å trekkja inn universell utforming og legge til rette for god tilgjengelegheit for alle, i planarbeid og daglig virke. Det same gjer ein også for å legge til rette for mangfald og likestilling. Kommunen har til dømes standardiserte tiltak, skjema m.m. slik at dei passar alle, også for personar med tilrettelagt arbeid og for dei som er på tiltak. Samarbeid med NAV lokalt og NAV sitt arbeidslivssenter er særskild viktig og vidareutvikla gode tiltak som inkluderer alle.

Kommunen tek trakassering og mobbing på arbeidsplassen alvorleg og grip aktivt inn om nødvendig. I 2012 vart retningslinjer og skjema for varsling godkjent og sett i verk. Kommunen har etiske retningslinjer som tek i vare og synleggjer verdiar som kommunen meiner er viktige og påpeikar åtferd som er uønska hos tilsette. Felles retningslinjer og rapportering av uønska hendingar vart godkjent og sett i verk frå mars 2012.

Av aktuelle framtidige tiltak er auka fokus på å legge til rette for arbeidssøklarar av underrepresentert kjønn eller andre nasjonalitetar enn norsk. Eit anna tiltak kan vere å utarbeide ein samla plan for korleis kommunen samla skal fremje formålet i diskrimineringsloven og diskriminerings- og tilgjengelegheitslova. Per i dag har ikkje administrasjonen i kommunen kapasitet til å prioritere dette arbeidet framfor andre presserande oppgåver for kommuneorganisasjonen.

Lønsutvikling:

Tabellen under viser gjennomsnittleg lønsutvikling blant mellomleiarar i kap 3.4.2 i hovudtariffavtala, perioden 2007-2012 og gjennomsnittleg årsinntekt kvinner og menn i 2007 - 2012:

Kjønn	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Kvinner	411 000	445000	461875	480667	491111	523556
Menn	417 000	440000	467000	527667	541333	574667
Differanse	6 000	5000	5125	47000	50222	51111
Gjennomsnittlig årslønn alle kvinner (100 % stilling)			353 836	387450		411384
Gjennomsnittlig årslønn alle menn (100% stilling)			426 138	448721		454759
Differanse			72 303	61272		43375

Kommentar i forhold til lønsutvikling blant leiarar og mellomleiarar

- 3.4.2-leiarar har berre lokal lønnsdanning. For 2012 omfattar gruppa 9 kvinner og 3 menn.
- Det vert presisert at talet på leiarar er få slik at skifte i stillingar kan gje store endringar i statistikken.

Kommentar til differansen mellom gjennomsnittlig lønn kvinner og menn:

- 14 % av dei tilsette er menn (33 menn). Av disse er blant anna 6 tilsett som toppleiarar og 3 som mellomleiarar. Gruppa ufaglærte menn er svært liten. Dette får konsekvensar for lønns-gjennomsnittet.

- 86 % av dei tilsette er kvinner og mange er ufaglærte eller fagarbeidarar 212 (inkludert lærlingar kvinner). Dette verker inn på lønsgjennomsnittet.

Oversikt tilsette	2010			2011			2012		
	Tal	Med lærlingar	Kommentar	Tal	Med lærlingar	Kommentar	Tal	Med lærlingar	Kommentar
Sum tall tilsette totalt	240	248		238	245		234	240	
Sum tall kvinner	204	212	85 % av tilsette er kvinner	197	204	84 %	196	202	84 %
Sum tall kvinner deltid	145		68 % kvinner i deltidsstilling	134		55 %	133		66 %
Sum tall kvinner fulltid	59	67	32 % kvinner i fulltidsstilling	63	70	29 %	63	69	34 %
Sum tal menn	36		15 % av tilsette er menn	34		14 %	38		16 %
Sum tal menn deltid	14		39 % menn i deltidsstilling	12		5 %	13		34 %
Sum tal menn fulltid	22		61 % menn i fulltidsstilling	22		9 %	25		66 %
Gjennomsnitt stillingsstørrelse kvinner	68 %		Inkl. lærlingar	71%		Inkl. lærlingar	71%		Inkl. lærlingar
Gjennomsnitt stillingsstørrelse menn	75 %					76 %	78 %		

Det er små forskjellar på tala for 2009, 2010 og 2011, men gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner auka i 2011. Kvinner og menn har nå tilnærma like store gjennomsnittlige stillingar. Likevel er det slik at 2/3 deler av dei kvinnelege tilsette er deltidstilsette, mens tilsvarende tal for mannlege tilsette er 1/3 deltidstilsette.

Det er ingen vikarer med i tellinga for 2012 – tal tilsette kvinner og menn er tilsette i fast stilling. Har ein 100 % stilling og er ute i permisjon, er stillinga rekna som om ein går 100 %.

Utgreiing av arbeidet med diskrimineringsloven

Formålet i diskrimineringslova av 3. juni 2005 § 1 lyder:

"Lovens formål er å fremme likestilling, sikre like muligheter og rettigheter og å hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn."

Kommunen har i 2012 ikkje planlagt eller sett i verk spesielle tiltak for å fremme formålet i diskrimineringslova.

Utgreiing av arbeidet med diskriminerings- og tilgjengelighetsloven

Formålet i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova av 20. juni 2008 lyder:

"Lovens formål er å fremme likestilling og likeverd, sikre like muligheter og rettigheter til samfunnsdeltakelse for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne. Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapt funksjonshemmande barrierer og hindre at nye skapes".

Universell utforming

I løpet av 2012 er Røysekatten barnehage blitt utvida med to avdelingar, kyrkjegarden på Bjerkreim er utvida og arbeidet med oppbygging og utviding av småskulen på Vikeså blitt gjennomført eller sett i gang. Desse anlegga/bygga er tråd med eller skal oppfylle krav om universell utforming.

I arbeidet med kommuneplanar og reguleringsplanar er universell utforming eit av fleire forhold som skal omtalast og vurderast i planarbeidet.

Personalforvaltning

Bjerkreim kommune har ikkje ein eigen plan for å ivareta formålet i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova. Samtidig prøver kommunen etter beste evne å bruke dei støtteordningane og mulegheitene som finst i organisasjonen og hos NAV for å legge tilrette for at tilsette og personar med nedsett funksjonsevne kan fortsette sitt arbeid i kommunen eller byrje arbeidspraksis i kommunen.

Kommunen tek årleg inn lærlingar med ulik bakgrunn.

Melding om etikk

I tråd med kommuneloven § 48 nr. 5 skal det i årsmeldinga:

"redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som er planlagt iverksatt for å sikre en høy etisk standard i virksomheten".

Kommunestyret vedtok hausten 2009 etiske retningslinjer for Bjerkreim kommune. Retningslinjene gjeld både folkevalde og tilsette.

Gjennomgang av kommunen sine etiske retningslinjer er ein del av programmet på samlingar for nytilsette. Retningslinjene vart gjennomgått i samlinga for nytilsette hausten 2012. Kommunen sine etiske retningslinjer vert sendt til nytilsette saman med tilsettingsbrev og arbeidsavtale.

I februar 2012 vedtok administrasjonsutvalet nye rutiner og retningslinjer for avvik grunna uønska hendingar og varsling frå tilsette. Desse rutine og retningslinjene byrja gjelde frå 1. mars. Informasjon og opplæring av rutine, samt oppfølging av dei har vore ei sentral oppgåve i 2012. Det er naudsynt å la rutine gjelde ei tid før kommunen evaluerar erfaringane frå dei. Nokre einingar har vore flinkare til å melde avvik enn andre.

Rådmannen sin eigenkontroll

Etter kommuneloven § 23 skal administrasjonssjefen (rådmannen) blant anna:



"sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og den er gjenstand for betryggende kontroll."

Det er auka fokus både frå sentralt hald, men også i kommunane på at kommunane har system for kontroll over si verksemd.

Bjerkreim kommune er en liten organisasjon som i stor grad har vorte styrt gjennom uformell kontroll. Det har dei siste par åra vorte arbeidd med å formalisere ein del arbeidsprosessar og kontrollrutiner knytt til innføring av nye IKT-verktøy innafor økonomi- og personalområda, men også fagsystem innafor pleie- og omsorg og barnehagar gir no ein heilt anna kontroll og dokumentasjon, i motsetnad til tidlegare. Dei siste åra har rådmannen sett klare framskritt i bruken av system som vart innført frå 2010 og fram til nå.

Bjerkreim kommune har eit godt stykke igjen med arbeidet med innføring av nye og fullstendige rutiner med tilhøyrande kontroll før kommunen nærmar seg mål. Det er vanskeleg i ein liten organisasjon å kunna prioritere slikt utviklingsarbeid med avgrensa personalressursar. Likevel fungerer system som til dømes elektronisk fakturabehandling med eit fakturamottak i kommunen svært godt. Oppfølging av økonomisk status for einingane og sjukefråvær vert gjort kvar månad i toppleiargruppa med rapportering til formannskapet i etterkant.

HMS – Helse, miljø og sikkerheit



Samla sjukefravær i kommunen utgjorde 6,7 % i 2012 mot 5,2 % i 2011. Korttidsfraværet er framleis lågt med 1,6 % i 2012, ei lita auke frå tidlegare år (1,3 % i 2010 og 2011).

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Arbeidet med å vidareføre eit meir systematisk HMS-system er vidareført. Det som kan nemnast spesielt er felles system og rapportering av uønska hendingar.

Rutiner for varsling og handtering av varsling er også vesentlege forbetringar som nå er på plass

Kommunen har hatt fleire saker knytt til det psykososiale miljøet både i ft tilsette og brukarar. Både dei formelle, forvaltningsmessige forhold, krav til dokumentasjon, arbeidsmiljø og etiske retningslinjer vert utfordra.

Erfaringane fører til at leiarar må prioritere å bruke meir tid på dokumentasjon, tydelegheit og skriftleggjering.

Betre systematisk arbeid med vernerundar, handlingsplanar, oppfølging med prioriteringar i ft budsjettet er blitt vesentlig betre.

Det er krevjande for leiarar å følgje opp tilsette i ft sjukefråvær og nasjonale mål og forventningar om å få ned sjukefråveret. Spesielt for dei einingane som har mange tilsette. Nye krav og fristar fører til auka krav til handlingsplanar, dokumentasjon og rapportering.

Målsettinga for 2013 er at kommunen skal kome i gang med ein meir overordna og samla plan for HMS-arbeidet. Vidare skal HMS-planar og rutiner verta betre samla og synlege på kommunen sitt intranett, slik at det vert enklare å bruke for leiinga i kommunen.

I 2012 har det vore fire møter i arbeidsmiljø-utvalet (AMU) og to møter med verneomboda.

Beredskap

I midten av desember vart Sør-Rogaland råka av uvêr i form av mykje snø og kraftig vind. Jær-kommunane fekk større problem samanlikna med Bjerkreim.

I Bjerkreim vart storparten av fylkesvegane i kommunen stengt i mange timar. Omlag 500 bilar stod innesnødd på E39 på strekninga Vikeså-Ålgård. Ein del av skulda for dette må utanlandske vogntog ta ettersom dei skapte vanskar for brøytemannskapa. Uvêret i desember er ei god påminning om kor viktig det er å tenkje på samfunnstryggleiken i kommunen sine tenester.

Omsorgstenestene løyste oppgåvene godt med utlevering av mat og medisinar før uvêret tok til. Samstundes var tenestene heldige ettersom det ikkje var behov for akutt hjelp den tida vegane var stengde.

I etterkant av uvêret har kommunen skaffa tre satellitt-telefonar til kommunen si beredskapsleiing og omsorgssenteret (inkludert opplegg med antenner). Omsorgssenteret skaffa hausten 2012 eit lite straumaggregat til noko belysning (LED-lys) og medisinsk-teknisk utstyr. Tidlegare har omsorgssenteret måtta stole på Dalane Energi sine naudløysingar.

Det er kjøpt inn to mindre straumaggregat til kommunehuset som skal dekkje deler av huset med lys (LED-lys), deler av serverrom for IKT og legekantoret. Installasjonane vert ferdigstilt i løpet av 2013. Fram til nå har ikkje beredskapsleiinga og legekantoret hatt tilgang på naudstraum.

Fylkesmannen i Rogaland hadde tilsyn med kommunen sin beredskapsplan og ROS-analyse (risiko- og sårbarheitsanalyse) på slutten av året. ROS-analyse skal ikkje vere eldre enn 5 år og beredskapsplanen skal bygge på ROS-analyse. Ettersom kommunen si overordna ROS-analyse er eldre enn 5 år fekk kommunen avvik både på ROS-analyse og beredskapsplanen. I tillegg må ressursoversiktane i beredskapsplanen bli meir omfattande. Dette må rettast i 2013.

Samfunn

Utvikling i folketalet

1/1-	Innb.	Fødselsoverskot i personar	Folkevekst i personar
2009	2580	8	3
2010	2583	16	68
2011	2651	19	88
2012	2739	11	40
2013	2779	?	??

Bjerkreim er blant dei 10 kommunane i landet som prosentvis veks mest målt mot folketalet i kommunen. Storparten av folkeveksten skuldast innflytting, men og netto fødselsoverskot bidrar til god vekst. Bjerkreim hadde ein spesielt stor vekst i folketalet i første halvår 2012 (berre 2 personar færre enn Eigersund), men dette jamna seg ut i andre halvår.

Ledige kommunale bustadtomter

31/12-	Bjerkreim	Vikeså
2009	7	4+1
2010	6	1+1
2011	1	0
2012	9	1

Talet på ledige tomter på Bjerkreim omfattar det nye byggetrinnet i Røyslandsdalen som vart opparbeid vinteren 2011/2012. På Vikeså har kommunen att ei ledig tomt i eit eldre byggetrinn i Vikesdalslia.

Arbeidsledige

Tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB – www.ssb.no) syner den prosentvise arbeidsløysa i desember månad i Bjerkreim, Rogaland og landet samla dei siste åra:

	2012	2011	2010
Bjerkreim	1,0 %	0,9 %	0,7 %
Rogaland	1,7 %	1,9 %	2,3 %
Landet samla	2,4 %	2,4 %	2,7 %

Bjerkreim er ein av dei kommunane i landet som har lågast arbeidsløysa. Rogaland har ein lågare prosentvis arbeidsløysa samanlikna med resten av landet. Og arbeidsløysa i Noreg er lågast i heile Europa.

Låg arbeidsløysa er positivt for innbyggjarane i kommunen, men samtidig ein stor utfordring med tanke på rekruttering til ledige jobbar i næringslivet og offentleg verksemd.

NHO sitt næringsNM

Næringslivet sin hovudorganisasjon (NHO) arrangerar årleg eit Noregsmeisterskap for kommunar i næringsliv. NHO sitt nærings-NM er samansett av fire forskjellige mål for næringsutvikling: lønsemd, vekst, nyetableringar og storleiken på næringslivet (tal på arbeidsplassar i næringslivet som del av befolkninga). Kjelde for tala under er www.nho.no.

Totalplassering	2012	2011	2010
Førsteplass:	Sandnes	Ullensaker	Sola
Andre plass:	Eigersund	Sandnes	Flora
Tredjeplass:	Austevoll	Sola	Bømlo
Bjerkreim	40 av 429	168 av 432	103 av 432

For 2012 scora næringslivet i Bjerkreim spesielt bra på lønsemd (34 av 429) og bra på vekst og storleik og vekst (111 av 429 og 125 av 429). Når det gjeld nyetableringar kom Bjerkreim på 273. plass i 2012, men næringslivet i Bjerkreim har dei tidlegare åra scora vesentleg betre på denne delen av kåringa. I ein liten kommune er det naturleg med variasjonar i talet på nyetableringar frå eit år til eit anna.

Beste næringsregion i landet er Stavanger-regionen. I 2012 fekk Dalane-regionen en flott andreplass i næringsNM.

Utvalde KOSTRA-tal

Dei utvalde nøkkeltala frå KOMmune-STat-RApportering kan brukast til å samanlikne Bjerkreim med seg sjølv over tid, med andre tilsvarande kommunar (gruppe 02, til dømes Finnøy, Rennesøy, Lindesnes og Etne) og landet elles utan Oslo. Kjelde: www.ssb.no.

Tala for 2012 er mellombels tal per 15. mars 2012. Enkelte tal kan avvike noko frå dei endelege tala som kjem i juni.

Finansielle nøkkeltall

	År	Bjerkreim	Referansegruppe	Gj.snitt landet utan Oslo
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2008	0,6 %	-0,6 %	-0,6 %
	2009	-0,7 %	3,5 %	2,7 %
	2010	-0,1 %	2,2 %	2,3 %
	2011	3,7 %	1,8 %	1,7 %
	2012	2,9 %	1,5 %	2,1 %
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	2008	32,4 %	64,1 %	62,6 %
	2009	45,5 %	63,6 %	62,7 %
	2010	47,6 %	67,0 %	64,8 %
	2011	46,0 %	68,3 %	65,0 %
	2012	53,0 %	66,8 %	65,3 %
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	2008	6,0 %	5,5 %	5,0 %
	2009	4,3 %	5,0 %	4,6 %
	2010	8,4 %	5,0 %	4,7 %
	2011	7,4 %	4,8 %	4,7 %
	2012	7,1 %	4,8 %	5,0 %

(-) Tal ikkje tilgjengeleg på heimeside.

Kommentarer:

Nivå på netto driftsresultat er på et akseptabelt nivå i forhold til driftsinntektene sett bort frå kva som er gjort av føringar med interne finanstransaksjoner kor det både avsettast til og brukast av diverse fond. Nokre er lovpålagde, mens andre er etter vedtak. Årets netto driftsresultat viser inntekter frå bl.a. moms frå investeringar og "inntekter" etter aktuarberekningar for 2012. Utan disse "inntektsføringane" vil netto driftsresultat ikkje være langt unna budsjettert resultat.

Prosentvis lånegjeld av bruttoinntektene aukar i forhold til driftsinntekta. Det vil sei at kommunen brukar meir av inntektene på forpliktingar som renter og avdrag. I 2013 skal kommunen ta opp meir lån så denne utviklinga råkar handlefridommen i drifta. Noko ein ser i budsjettsamanheng da det budsjetterast med underskot med oppdekking av bruk av fond.

